



BACHELOROPPGÅVE

I

BYGDEUTVIKLING/SAMFUNNSUTVIKING

VÅREN 2015

Inger Grønntun



**Bruk av forteljing, historie og lokal tilknyting
i marknadsføring av norske hesterasar**

1.0 Samandrag

1.1 Forord

«Hvem får det ikke til?» spør Hanne Fjerdingby Olsen i ein kronikk i Nationen fredag 15. mai 2015. Ho set kraftige spørjeteikn ved alle rapportane, uttalane, strategi- og handlingsplanane organisasjonar som Norsk Hestesenter har produsert (eller fått produsert) gjennom ei årrekkje. Problemet, hevdar ho, er at kunnskap ikkje vert omsett til handling, og medan planane vert lagt i ei skuff, stupar talet på fødde føl av dei norske hestersane kvart år. «Første bud for å holde liv i en rase er å holde antallet oppe, det vil si at det finnes et bruksområde for rasen og at bruksområdet danner grunnlag for en etterspørsel i markedet», sier Olsen (2015) vidare. Organisasjonane skuldar på kvarandre, og fråskriv seg ansvar. Dette er klare ord, men dei er i høgste grad relevante for korleis menneske som held på med norsk hest ofte tenkjer i våre dagar. Kor tid skal det skje noko? Får vi nokon gong framgang, kor tid tek nokon ansvar? Kva skal vi gjere?

Medan eg er inne i sluttfasen med denne oppgåva, får eg ei melding frå ei jente på 15 år. Ho sit og ser på gamle biletet i lag med oldemor si, og lurer på om eg kan finne ut noko om merra oldemor har så mange minne om frå 1930-talet og der om kring? Eg leitar i stambøker, og finn både hesten og opphavet, avkom, oppdrettar og andre ting. Vidare sendar eg biletet til jenta av far til merra, og av far til føla ho fekk. Ho fortel at oldemor smilar, og sender meg dei gamle biletata sine, slik at eg får sjå dei sjølv. Eg oppdagar at merra er heilsyster til ei anna eg har sett biletet av før, og skriv til han som ein gong viste meg *det fotografi*, og får vite enda litt meir. Jenta spør meg om ikkje gardsmerra har etterkommarar i dag, for då må ho få tak i ein slik! Eg trur ikkje ho har det, men lovar å undersøke det grundig.

Denne vesle forteljinga er ikkje unik. Menneske i dag er opptekne av historier, av *røter*, og av bakgrunn. Både opplevelingar og konkrete gjenstandar (og dermed også dyr) skal for mange helst knytast til noko attkjenneleg, noko som vekker minne, og dermed gir grobotn for å ta vare på. Vi ynskjer å skape ein identitet, bygd på noko vi kjenner er ein del av oss. I fleire år har eg lurt på om ikkje forteljingane og kulturen kring dei norske hestersane kan brukast i langt større grad for å vekke engasjement. Det er støtt snakk om *bruk*, og å *tilpasse* hesten til dagens bruksområder, men eg er ikkje så sikker på om det er vegen å gå. *Skal* alt tilpassast? Er det eigentleg *det folk vil ha*? Det er mykje snakk om *autentisitet* i våre dagar. Menneska vil ha ekte vare! Truleg finst det rom for å tenke nytt når det gjeld marknadsføring av dei norske hestersane, og dette har eg blitt enno meir sikker på medan eg har jobba med denne oppgåva.

1.2 Essensen i oppgåva

I Bacheloroppgåva mi tek eg føre meg eit område som er nokså u-utforska, nemleg om ein kan nytte det lokale i arbeidet med å fremje engasjement og interesse for norske hestar. Dei fire norske

hesterasane; *nordlands/lyngshest, fjordhest, dølahest* og *norsk kaldbloodstråvar*, har sitt utspring i ulike landsdelar. Dølahesten og fjordhesten vart begge konsoliderte som rasar frå kring 1850, medan nordlands/lyngshesten ikkje fekk si eiga stambok før i 1969. Kaldbloodstråvaren og dølahesten har felles opphav, men reknast no som to ulike rasar. Til alle dei norske rasane er det knytt mengder med forteljingar og historier. Dei har vore viktige i jordbruk, i transport, og til bygging av landet vårt. I dei seinare år har dei også hatt oppgåver innan hobby og fritid.

Eg tør påstå at kvar minste bygd eller lokalsamfunn har historier knytt til norske hestar. Spør kven du vil av menneske over 50-70 år, får du nokså sikkert vite noko. Også byane har hestehistorier. Mange tenkjer stort når det er snakk om historie, men det treng ikkje vere hesten til Kongen eller ein verdsberømt tråvhest nokon har minner om. Forteljingar om små episodar i kvardagen kan vere like spennande, for den som høyrer på. Historier og forteljingar *gjer noko* med tilhøyrarane, dersom dei vert formidla på ein spennande og levande måte. Dei vert ein del av identiteten vår, og i tillegg gjer dei ofte at vi får lyst til å ta vare på det vi høyrer om eller opplever. Forteljing er nemleg *oppleving*, og oppleving er viktig for menneske i dag.

Det er lenge sidan vi slutta å forvente at eit produkt vi kjøpar held god kvalitet, eller at vi får god service når vi bestiller ei teneste. I dag er kundar, kjøparar og forbrukarar ute etter noko *meir*. Dei vil ha ei oppleving med på kjøpet, og gjerne noko særeige og lokalt. Kortreist mat og andre typar produkt er i vinden som aldri før. Menneska vil vite kvar ting kjem frå, og korleis det vert produsert. Betalingsvilja er stor viss ein kan få servert noko *ekstra*, gjerne noko uventa og spesielt. Historier og forteljingar er noko vi hugsar, fordi dei spelar på kjenslene våre. Særs lette er dei å hugse viss dei er knytt til andre sanseintrykk. Det som påverkar aller mest er ofte *direkte møte*, med til dømes ein snill hest med *sin* historie.

I oppgåva har eg funne fram til teori som handlar om denne måten å tenke på, som menneske i dag er så opptekne av. Eg har lenge hatt tankar om at eg ikkje trur folk nødvendigvis vel norsk hest fordi dei er så veltrena og flinke i sport, eller fordi dei er vakre utstillingsdyr. «Det må ligge noko anna og djupare bak», har eg tenkt. «Noko som handlar om *kjensler*, og det å *oppleve* hesten, samt å ta del i *historier*. Eg trur dette gjer at det vert tent ei gneist i oss som seier «dette vil eg ha!», «dette vil eg vere med å ta vare på for framtida, for det *betyr* noko! For meg, samfunnet, og for etterkommarane våre». Slik har eg tenkt, og dette ville eg vite meir om!


Eg har brukt spørjeskjema for å samle inn data frå informantar innafor miljøa kring norsk hest. Alle som ynskte det kunne delta, og eg fekk 28 utruleg interessante svar. Spørsmåla mine skulle få respondentane til å skrive ned tankar og meningar, og utan å røpe for mykje enno, kan eg seie at det er *svært mykje* som tilseier at vi i langt større grad kan ta i bruk lokal kultur og historie i

marknadsføringa av hesten. Her har dei norske rasane enorme konkurransefortrinn i høve alle dei importerte hestane, nettopp fordi *dei er ein del av denne kulturen*, og desse fortrinna bør utnyttast for alt dei er verdt.

1.3 Takk

Til slutt i denne fyrste delen vil eg rette ein stor *takk* til alle som har svara på undersøkinga mi, og til lærarane ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling for tre svært spennande år, der eg har lært utruleg mykje, ikkje minst *nye måtar å tenke på*. Eg vil også takke dei fire flotte barna mine for at dei held ut med ei mor som i blant sit dag og natt med kjøkenbordet og golvet fullt av bøker, og skriv og skriv. Vidare vil eg takke alle historieinteresserte menneske eg stadig «treff» på sosiale medium og i det verkelege liv: Dei som deler bilete, forteljingar og filmsnuttar, tek kontakt og spør etter stammer, hestar og folk, og ikkje minst dei som vert engasjerte og tydeleg får eit heilt anna perspektiv på hesten når dei opplever eller hører om noko som rører dei. Dykk gir meg tru på at dette nyttar!

Ikkje minst har eg lyst til å takke Oddvar Vassliås, som er utruleg dyktig til å ta vare på forteljingar han har hørt eller opplevd gjennom eit langt liv med hest. Å skrive ned, dele eller gi vidare er gull verdt, og eit gamalt bilete av ein hest vert noko heilt anna om du veit noko om dyret på biletet. Mine eigne hestar er enno meir verdifulle og viktige å ta vare på for meg når eg levande kan sjå føre meg forfedre og formødre. Eg veit ikkje berre kva dei heitte og kva omtale eller premie dei fekk på ei utstilling, fordi eg har lese det i ei stambok. Nei, eg veit også kva dei gjorde i lag med eigarane sine, kor dei budde, korleis dei verkeleg *var*, og kva for ein skjebne dei fekk.



Innhold

1.0 Samandrag.....	2
1.1 Forord	2
1.2 Essensen i oppgåva.....	2
1.3 Takk	4
2.0 Innleiing.....	7
2.1 Oppbygging av oppgåva	9
3.0 Bakgrunn for val av tema	9
3.1 Utviklinga av dei norske hesterasane.....	9
3.1.1 Dølahesten og kaldblodstråvaren	9
3.1.2 Fjordhesten.....	12
3.1.3 Nordlandshest/lyngshest	14
3.2 Utfordingar	17
4.0 Utleiing av problemstilling.....	18
4.1 Kultur og identitet	18
4.2 Kor vart det av identiteten til dei norske hesterasane?.....	19
4.3 Finst det noko att av den gamle hestekulturen i dag?.....	21
4.4 Kvifor valde eg norsk hest?	21
4.5 Kvifor vel andre menneske norsk hest?	22
4.6 Problemstillinga mi.....	23
5.0 Teori.....	23
5.1 Lokalhistorie og kultur.....	23
5.2 Eigenart, identitet og merkevare	24
5.3 Opplevingsøkonomi.....	25
5.4 Forteljing og interpretasjon.....	27
5.5 Nyskaping	30
6.0 Metode	33
6.1 Kvalitativ og kvantitativ metode.....	33
6.2 Kvalitativ spørjeundersøking	34
6.3 Validitet, reliabilitet og generalisering	35
6.3.1 Reliabilitet.....	35
6.3.2 Validitet	35
6.3.3 Generalisering	36
6.4 Etiske vurderinger.....	37
6.5 Utval	37
7.0 Empiri	38

7.1 Kven er informantane?	38
7.2 Val av norsk rase – Kvifor?	38
7.3 Fortrinna med rasane våre	40
7.4 Kvifor meiner informantane at andre skal velje norsk?	41
7.5 Historie, kultur og forteljing – Har det noko føre seg?	42
7.6 Forteljingar	46
3.7. Engasjement for rasane.....	48
8.0 Drøfting.....	51
8.1 Kvifor skal eg ha norsk hest – Og kvifor skal andre ha det?	51
8.2 Oppleving og historie – Ulike tankar i ulike miljø?	52
8.3 Å skape kjensler og identitet gjennom historie, forteljing og oppleving	53
8.4 Som du spør, får du svar.....	54
8.5 Å skape engasjement.....	55
8.6 Dei «små» forteljingane	56
8.7 Nyskaping	57
8.8 Vegen vidare.....	57
9.0 Konklusjon	58
10.0 Litteraturliste	60
11.0 Vedlegg - Spørjeskjema	65



2.0 Innleiing

Dei norske, nasjonale hestane slit i motvind. Talet på individ av rasane dølahest, fjordhest, kaldblodstråvar og nordlandshest/lynghest rasar nedover, og kvart år ser færre og færre nye føl dagens lys¹. Denne trenden har vart i kring 20 år, og mange som driv med norsk hest er bekymra. Det stadig tilbakevendande spørsmålet blant entusiastane er: Kva skal vi gjere? Kva må til for å få fleire til å velje hest av norsk rase? Utfordringa er nemleg ikkje den at interessa for *hest* går nedover i samfunnet. Stadig fleire menneske får meir pengar mellom hendene og meir fritid, og det totale talet på hestar aukar stadig. Kvifor kjøpar då ikkje hestefolket norske rasar? Det gjer dei nemleg sjeldan. Frå om kring 1970 har utanlandske hestar blitt importert i hopetal, og denne handelen ser ut for å berre auke på. I dag drivast det oppdrett av ei rekke rasar frå andre land i Norge, samt at det stadig vert henta nye individ frå ulike stader både i Europa og Amerika.

Det vert leita over alt etter *årsaka* til at dei norske hesterasane ikkje er meir populære. Er dei ikkje gode nok? Held ikkje kvaliteten mål? Er ikkje rasane tilpassa dei bruksområda folk i dag vil ha hest for? Vert dei ikkje verdsett? Vert dei seld for billeg? Ryttarar som ynskjer å satse på konkurranseriding på høgt nivå, vel uansett *ikkje* ein fjording eller ein dølahest. Dei vel spesialiserte ridehestrasar eller sportsponniar, og det er lett å forstå. Om du har ambisjonar om å vinne 10-kilometeren i OL, stillar du ikkje på startstreken i gamle treski og eplenekkers. Skal vi komme oss inn i denne marknaden med dei norske hestane, er vi nøydd til å spesialtilpasse dei, truleg ved å krysse inn andre rasar.

Er det eigentleg naudsynt å tilpasse dei norske rasane? Dette har eg personleg lurt på mange gongar. Sjølv begynte eg med fjordhest tidleg på 80-talet, og må seie at for min del har denne rasen vore meir enn god nok heile tida. Den er ein allsidig hest, godt brukande til alt frå fjellriding til arbeidskøyring, lettare dressur og sprang, turridning, kløving, terapiriding og rideskuledrift. Eg ser på dei andre norske rasane på same måte, og har møtt ei rekke eksemplar av både dølahest, nordlands/lynghest og kaldblodstråvar oppigjennom dei siste 30-35 åra. Alle saman har dei vore godt brukande, mangfaldige og kjekke individ.

Eg trur at viss vi skal behalde preget og typane på dei norske rasane², må vi berre akseptere at den meir «profesjonelle» sportsmarknaden er nokså uaktuell for oss. I staden må ein rette seg inn mot *alle dei andre*, som det truleg finst aller flest av: Familiar, gardbrukarar, ungdom og vaksne, med ynskje om ein allsidig og grei hobbyhest til all slags bruk. Svært mange av desse vel dessverre også hest av utanlandsk opphav, og ein kan lure på *kvifor*. I oppgåva mi har eg difor valt å spørje ein del

¹ Jamfør Handlingsplan for Nasjonale hesteraser 2011-2012 (2012)

² Jamfør Avlsplanane for dei norske rasane, som seier at type og preg skal vektleggast

menneske om kva som gjorde at *dei* valde norsk hest. Kanskje eg då kan få ein peikepinn om kva det er lurt å satse på i marknadsføringa?

Etter å ha studert bygdeutvikling i tre år, har eg lært mykje om kva det er viktig å tenke på for å gjere ein plass, eller eit landbruksrelatert produkt, til noko attraktivt. Det eg fyrst og fremst sit igjen med av kunnskap, er at *identitet* og *forankring i det lokale* er heilt avgjeraende for å lukkast. Ein bygd vert ikkje god å bu i om den vert gjort lik alle andre bygder. Tvert om må ein kartlegge ressursar og verdiar ein alt *har*, og bruke dei på nye måtar. I dagens samfunn søker folk etter det ekte, genuine og opphavelege, ikkje etter etterlikningar og därlege kopiar. Med mykje flytting, stadige oppbrot og ei verd som er påverka av strømmingar frå heile verda, vert nordmannen meir og meir oppteken av røter, av historie, og av dei forteljingane som kan gi han eller ho ein identitet. For å selje eit produkt, er det ikkje alltid lenger nok at det held høg kvalitet, eller at prisen er låg. Folk er opptekne av å få ei oppleving med på kjøpet, gjerne ei historie eller forteljing om bakgrunn og tilknyting til noko lokalt.

Rundt dei norske hesterasane finst det ei mengd med historier. Eldre folk finn gjerne fram biletet, fortel om hestane dei hadde, og korleis dei var. Nokre av forteljingane lever på folkemunne i fleire generasjonar. Her i bygda er mellom anna historiene om den olme hingsten «Torgils», og den smellvakre «Ramkjell», blant slike minne som stadig vert henta fram att og formidla vidare. Også stambøker, utstillingskatalogar og andre gamle bøker og blad er fulle av historier. Ofte er desse litt nøkterne, med nummer, tal og stamtavler, dermed vert dei ikkje så interessante før ein får meir levande forteljingar om folk og dyr. Brått kan ein kople namnet i stamboka saman med eit fotografi ein finn, eller med ei forteljing frå ein eldre hestekar eller hestekvinne.

Dei fleste bygder i Norge har hestehistorier knytt til seg, det gjeld berre å finne dei. Kanskje er ein kjend avlshingst fødd på ein gard i bygda? Kan hende finst det plassar der det har skjedd spennande ting knytt til hest i fortida? Frå ein del bygder har det komme markante hestefolk, eller det kan finnast gamal reiskap eller hesteutstyr rundt om på gardane. Korleis vart hesten brukt før i tida i dei ulike bygdene? Kva for nokre gardar dreiv mykje med avl? På kva bruk er den flotte merra fødd, ho som vi i dag finn i alle stamtavler, eller ho som vann alle tråvløp for 60 år sidan? Ut frå det eg har tileigna meg av kunnskap om bygdeutvikling, trur eg dei små historiske hendingane rundt om i bygde-Norge kan brukast i langt større grad for å skape engasjement rundt norsk hest. Forteljingar har alltid vore viktige for menneska, og ikkje minst i dag, då mange kjenner seg rotlause og er på jakt etter noko som er «meg». Greier ein å formidle historie på ein god måte, skapar ein også engasjement for å ta vare på og verne om noko, i dette høvet nasjonale hesterasar.

2.1 Oppbygging av oppgåva

I oppgåva tek eg først føre meg bakgrunnen for val av tema og problemstilling. Eg presenterer hesterasane det er snakk om, med sine særeigne «opphavsforteljingar». Det er ut frå kunnskapen om dei norske rasane sin historie vi kan finne alle dei «små forteljingane», og sette dei inn i ein samanheng. Eg seier også litt om det marknadsføringsarbeidet som har vore gjort kring desse hestane i dei seinare år, og korleis situasjonen er for rasane i dag. Vidare gjer eg greie for val av problemstilling, og utdjupar den. I denne delen seier eg også noko om kva som gjorde at eg valde norsk hest.

I hovuddelen presenterer eg relevant teori. Teorien eg har valt, handlar ikkje om hest, men om emne innanfor bygdeutvikling, marknadsføring og nyskaping. Eg har tenkt at desse teoriane er svært relevante å kople opp mot hesten, og ein kanskje heilt ny måte å auke interessa for den på. Metoden eg har valt for å hente inn empiriske data er kvalitativ spørjeundersøking, der eg spurde etter tankar og meiningar blant hestefolk frå heile landet. Eg legg fram funna mine ved hjelp av utstrakt bruk av direkte sitat, noko eg tenkjer er viktig for å få fram det informantane *verkeleg* seier, i staden for det eg *trur* dei seier. I drøftingsdelen koplar eg teorien opp mot datamaterialet, og ser om informantane har peika på noko av det same som teoriane har gjort. Til sist prøver eg meg på å konkludere, og seier litt om vegen vidare.

3.0 Bakgrunn for val av tema

3.1 Utviklinga av dei norske hesterasane

3.1.1 Dølahesten og kaldblodstråvaren

I ein del bygder på Austlandet begynte storbønder og embetsmenn tidleg å interessere seg for hesteavl. Her var påverknaden stor frå utlandet, og spesielt frå Danmark, som Norge var i union med gjennom fleire hundreår. Mange embetsmenn kom frå Danmark, og både dei og bøndene på dei store gardane i Gudbrandsdalen og på Hedmarken vart påverka av kultur og trendar frå kontinentet. I mange europeiske land vart det drive med hesteavl ved større stutterier (hesteooppdrett), først og fremst med tanke på å ale fram dyr som kunne nyttast i krigføring. Ei sterk militærmaukt var avhengig av gode ride- og køyrehestar. Det fanst kavaleriavdelingar Austafjells, der ein etter all sannsynlighet også nytta utanlandske hestar (Petersen, 1902).

Vi veit at det kom ein del hestar av utanlandsk opphav til Gudbrandsdalen og andre plassar på Austlandet (Fridrichsen, 1961, Petersen, 1902). Mange storbønder sette sin ære i å avle gode hestar, og hesteslektar frå einskilde gardar hadde godt ry, og var kjende over store område. For å forbetre den stadeigne hesten var det naturleg at ein brukte dei utanlandske dyra i avl, og dermed fekk ein både større og raskare hestar. Dei importerte dyra var truleg i fyrste rekke «blodshestar», altså

hestar av varmlodig type (Petersen, 1902). I Danmark dreiv dei organisert avl på Fredriksborg-stutteriet heilt frå 1562 (Ussing, 2000, s. 117), og hestar herfrå kunne hentast opp, til liks med tyske hestar, som vart avla i stor målestokk på stufferia i til dømes Oldenburg, Holstein og Hannover. Kryssa med lokale hingstar eller hopper av stadeige slag, fekk ein truleg raske, seige og kjekke hestar av passande storleik. For storbonden var det viktig å ha ein rask hest som verkeleg ropte «av vegen» når han kom køyrande med spiss-sleden sin vinterstid. Kappkøyringar vart også vanleg forlysting, og då var det om å gjere at hesten var snar og hadde raske føter (Stang, 1990).

Då ein tok til med organisert hesteavl frå midten av 1800-talet, var det nettopp i Gudbrandsdalen ein fann dei flottaste hestane. Statsagronom Lindeqvist, ein svensk som skulle ta hand om husdyravlen i Norge, likte godt dei dyra han fann der, og såg at dei var eit godt utgangspunkt for ein eigen norsk hesterase (Baardseth, 1973, Petersen, 1902). «Dølahesten» slik han fann den, var som nemnt eit resultat av fleire hundre års avl på stadeigne hestar, og nokre importerte dyr. Sidan det kom dyr i hopetal trakkande driftevegane over frå Vestlandet også kvart einaste år, utgjorde vonleg «vestlandshesten» også ein del av anane til det som skulle bli dølen. Her veit vi om noko, for nokre dyr står nedskrivne i dei tidlege stambøkene, men det meste vert berre tankar og funderingar over kva som er sannsynleg.

Ein av dei hingstane som vart aller mest kjend som ættefar i dølahestavlen, heitte «Veikle Balder 4». Han var etterkommar frå mellom anna ein fullblodshingst ved namn «Odin», som vart importert til Norge på 1830-talet. Då slåmaskina og dei andre tyngre jordbruksreiskapane gjorde sitt inntog frå slutten av 1800-talet, vart det viktig å avle dølahesten større og tyngre. Ein tok utgangspunkt i dei sværaste typane ein hadde, og konsoliderte desse typane gjennom nær slektskapsavl. I tillegg kom det nokre ardennarhestar frå Sverige, som vart brukt litt i avl, utan at dei fekk nokon stor innflytelse, så vidt vi veit. Nokre påstår rett nok at ein av dei viktigaste dølahingstane, «Dale Gudbrand», hadde ardennarblod i farsslekta, men dette er ikkje noko ein enno har greidd å bevise (Tronstad, 1990).

Medan dølahesten vart tyngre og tyngre, var det ein del menneske som avla lettare typar til travkøyring. Tråvløp vart nokså raskt splitta i to klassar her i landet, fordi ein såg at dei importerte varmlodshestane sprang mykje fortare enn dei heimeavla travhestane. I Norge (og i Sverige og Finland) er det difor gamal tradisjon å køyre løp for kaldblodshestar, i tillegg til varmlodsløp som køyrast i nær sagt alle land verda over. Dei kaldblodige travhestane vart ei tid registrert i eigne stambøker, men i mange år var dei i lag med dølahesten, og dei to typane vart avla om kvarandre, i lettare og tyngre linjer. Svært mange kaldblodsstammer stod ikkje oppført i noko register, men dei vart gode å ha då dølahesten etter kvart fekk utfordingar med innavl, og spesielt då hestebestanden i tillegg gjekk raskt ned etter andre verdskrig. Rundt 1960-talet finn vi ei mengde med

kaldbloodshopper som kjem inn i dølaheststamboka med lange kjende stammar, men der ingen av hoppene i familien tidlegare har vore oppført med eigne nummer³.

I dag reknast døl og kaldbloodstråvar som to åtskilde rasar, men dei har for ein stor del felles opphav, og framleis finst det reglar om at dei kan kryssast, om ein fyl bestemte retningslinjer og krav. Ei kaldbloodshoppe kan til dømes parast med dølahingst, og avkomet kan registrerast som døl. Frå tid til annan vert kaldbloodshingstar sett inn i dølahestavlen. Det at ein kan utveksle avlsmateriale på den måten, gjer at ein har ein betre buffer mot innavlsproblematikk. Populasjonen for kaldbloodstråvar er i dag felles for Norge og Sverige, og avlsmateriell vert utveksla over landegrensene. Frå då eg var liten (70-80-talet) hugsar eg at vi ofte kalla dølene for «lettdøl» og «tungdøl». Det var nok på lag det same som kaldbloodstråvar og dølahest, men etter kva eg hugsar var dei meir like, og gjekk meir om kvarandre på den tida.

Dølahesten er i dag ein kjekk hest på rundt 145-165 cm i mankehøgd. Den kan vere brun, svart, raud, gul, borket og blå. Dei blå dølahestane er fødd mørke, og lysnar med åra slik at dei vert heilt kvite. I andre rasar vert fargen kalla avbleikbar skimmel, eller berre skimmel, men blå vart tidlegare nytta i heile landet om slike hestar. To av hoppene Christen Klefstad kjøpte inn i Nordland for å bruke i avlen av nordlandshest/lyngshest (sjå seinare), vart kalla blå. Vi veit også frå gamle utstillingsprotokollar og springruller frå Vestlandet at det var hestar der beskrivne som blå. Omgrepene som brukast i dølahesten er soleis eit gammalt norsk ord på fargen, og bør ikkje gå i gløymeboka. Dølahestfolket held heldigvis ordet og fargenemninga levande, og nyttar ofte «Blåen» eller «Blåa» som del av namnet til slike hestar.

Dølahesten vert i dag brukt som hobbyhest, og er som dei andre norske rasane ein allsidig rase, som kan nyttast til det meste. Den vert ofte rekna for å vere litt rolegare enn fjordhesten. Den har eit godt lynne, og er populær som køyrehest og turhest. Ein godt trent dølahest er eit flott syn, og rasen kan øvast opp til å bli ein svært fin ridehest. Mange av dei som brukar hesten som arbeidsdyr i skogen og på garden i dag, har dølahest på stallen.

Kaldbloodstråvaren liknar dølen, men er lettare bygd, og kan ha eit litt meir heftig lynne. Avlen har stort sett konsentrert seg om å få fram individ som spring fort, og som har vilje til å gå på. Kaldbloodsen er ein god ride- og køyrehest, som kan brukast til langt meir enn tråvløp. Svært mange har rasen som hobbyhest, og nyttar den mest til riding og turkøyring. Det finst elles kaldbloodstråvarar som har hevd seg godt både i konkurranssekøyring og dressurriding. Den norske kaldbloodstråvaren kan vere i alle fargar, men den siste blå forsvann for nokre tiår sidan. I motsetnad til dei andre norske

³ Jamfør Stambøker for dølehest

rasane har ikkje denne restriksjonar når det gjeld fargar, og både flekkar, store avteikn og blåøygd kvite individ er «lovlege». I Sverige finst det til og med nokre få blakke tråvhestar. Elles har rasen dei same fargevariasjonane som dølahesten.

3.1.2 Fjordhesten

Dei fleste av oss forbinder fjordhesten med Vestlandet, og det er nettopp der denne rasen har opphavet sitt. Den hesten som fanst i desse områda frå gamalt av, var svært varierande i utsjånad, både når det gjaldt storleik, eksteriør og farge. I kystområda gjekk hestane ofte ute året rundt, og måtte stort sett greie seg med det dei fann ute av mat (Grude og Ravndal, 1984). I innlandet stod dei som regel inne på stall vinterstid. Då hesteavl vart sett i system frå midten av 1800-talet, var det som nemnt Austlandet som var først ute. Dei statstilsette agronomane fann ikkje eigna hingstar på Vestlandet då dei ynskte å «forbetre» den lokale bestanden der, og valde difor å plassere fire hingstar kjøpt austpå, som vart stasjonert ut i Vestlandsfylka (Karstad, 1949, Nordang, 1955).

Vidare tok dei til med å stelle til hesteutstillingar, og den fyrste skikkelege utstillinga på Vestlandet vart halden i Førde i Sunnfjord i 1864 (Lyssand, 1951/52, s. 99). Målet med desse samlingane var å premiere gode avlsdyr, og etter kvart også avkom etter dei statseigde hingstane. Hoppene fekk oftast eit sprang med statshingsten i premie, viss dei var gode nok. Dermed var dette eit avlstiltak som skulle gjere heile populasjonen i området betre på lang sikt.

Etter innkjøpet av dei fire hingstane austpå, vart det stort sett kjøpt inn hingstar som var ala på Vestlandet. Grunnstammen i det som seinare blei til «fjordhesten» var stort sett hestar frå Nordfjord og Sunnmøre. I desse distrikta hadde dei gjennom fleire hundreår hatt mykje handel over Strynefjellet til Gudbrandsdalen (Mork 1949), og nordover til Romsdalsmarken, der hestar vart sendt vidare både nordover til Trøndelag, og sørover over Dovre. Mesteparten av handelen med hest gjekk frå vest til aust, men det vart også teke med eit og anna avlsdyr den andre vegen. I tida rundt 1850 var hesten i Indre og Midtre Nordfjord og på Sunnmøre jamt over av betre kvalitet enn hestane frå område lenger ut mot kysten, og område lenger sør. Dette kan for ein stor del ha skuldast stor interesse for hesteavl, men også til ein viss grad innblanding av dyr austfrå, med meir harmonisk eksteriør. Fleire av stamhestane i området vart sagt å ha «blandingspreg», og vi veit til dømes at indre bygder som Olden hadde ein del hest av austlandsk type.

Nokre av dei tidlege stamdyra i fjordhesten kom frå Rosendal i Kvinnherad. I dette området var det ein blomstrande interesse for hesteavl, og stamhuseigaren på Baroniet brukte å ha 1-2 gode hingstar ståande, som innbyggjarane i området kunne bruke (Mehl, 1996). Kva slags opphav desse Rosendal-hestane hadde, er ikkje så godt å vite. Fleire av dei var svært lettbygde, vakre hestar, som eigna seg ypparleg til skyss og lett køyring. Nokre av dei mangla kastanjar på bakbeina eller på alle bein, noko

som kanskje kunne tyde på felles opphav med gamle keltiske hestetypar (Langballe, 1910). Ein kan elles tenke seg at finare folk, som dei på Baroniet Rosendal, hadde meir kontakt med utlandet enn det som vanleg var blant folk flest. At det kunne finnes snev av utanlandske, kanskje orientalske hesterasar i Rosendals-hestane er ikkje til å sjå vekk i frå, sjølv om det ikkje kan bevisast. Kanskje kan moderne DNA-analysemetodar av gamle knoklar og vev frå hest gi oss svar på det i framtida?

Rosendalshestar vart også seld både sørover til Rogaland og austover til Voss. I Vossabygdene hadde dei mykje samkvem med Austlandet, og vessar og hardingar selde mykje hest aust om fjella. På Voss vart det elles ein litt særeigen deling av hesteavlen, etter kvart som rasedelinga i fjordhest (vestlandshest) og dølahest (østlandshest/gudbrandsdøl) vart gjennomført utover på slutten av 1800-talet. Medan dei fleste område valde å satse på ein av rasane, vart det avla både døl og fjordhest på Voss. Nokre Vestlandsbygder, som Sogn, satsa på dølahesten. Går vi langt nok bak i stamtavlene til døler og fjordhestar frå Voss, kan vi finne felles aner. Ofte handlar det då om «blandingshestane» som vart laga etter at dei fire austlandshingstane vart innkjøpt til Vestlandet på 1860-talet. Ein av desse hingstane, Harald Viking, fekk sonen Skjervheimsrauen med den flotte flekkete Haugsskjevo (Lina) frå Voss. Skjervheimsrauen fekk stor innflytelse på både fjordhest- og dølahestavlen på Vestlandet (Hommedal og Melve, 1979).

Mykje kan skrivast om historia til fjordhesten. Grunnlaget var ulike småhestar på Vestlandet, og nokre av desse var blanda med dyr som kom austfrå. Etter kvart fekk også hopper frå ytre og meir perifere strok innpass i stammene, og i den andre hoppestamboka (band 5) finn vi til dømes mengder med hopper frå Sunnfjord og Ytre Sogn, av lokalt opphav. Ein og annan namngjeven «døl» er også ein del av fjordhesten sitt brokete opphav, både eit par av dei fire som kom på 1860-talet, og nokre andre. Vidare finn vi fornemt blod frå Ole Bull sin importerte «tscherkessar»-hingst Karages i stamtavla til fjordhesten vår i dag⁴. Det var fyrst då ein tok til med utstilling og registrering av individ til den seinare stamboka, samt utplassering av statshingstar, at avlen vart sett i system og ein eigentleg rase vart laga. Dei som dømte på utstillingane var nøydd til å ha nokre retningslinjer, og laga seg ein «mal» for korleis ein fjordhest skulle sjå ut for å få premie. Etter kvart overtok fylka eller amta eigaransvaret for hingstane, og frå kring 1900 begynte hesteavslag å vekse fram rundt om i bygdene. Dei tok over hingstehaldet, og snart var det lagseigde hingstar og unghestsjå i kvar minste vesle bygd og avkrok vestafjells (Nordang, 1955).

Til å begynne med ynskte ein å avle fram ein lett og rask hest til skyss, køyring og transport. Fjordhesten skulle vere kvikk, og eigna til frakt av folk og varar, til riding og kløving. Hingsten «Rosendalsborken I 8» står som eit ideal på den typen fjordhest ein ville få fram i den tidlege

⁴ Jamfør stambøker for fjordhest (vestlandshest)

avlsepoken. Frå slutten av 1800-talet skjedde som nemnt eit omskifte i jordbruket, og nye reiskapar (som slåmaskina) gjorde at det vart bruk for ein tyngre hest. Idealet på fjordhest vart no ein sterkare type, samtidig som ein ville behalde det gode preget og lynnnet. «Arbeidsfjordingen» var målet for avlen heilt fram til hesten sin periode i jordbruket definitivt gjekk mot slutten. På 60- og 70-talet begynte nokre framsynte karar å kaste blikket på lettare typar, og tenkte at det kunne vere fornuftig å avle fram ein «ponni», for å møte konkurransen frå islandshestar og importerte rasar. Langsamt dreia avlsmålet etter mot ein type som likna meir på den gamle skysshesten: Ein kvikk og lettare bygd fjordhest til sport, hobby og fritid (Dahle, 2006).

I dag er fjordhesten stort sett mellom 135 og 150 cm i mankehøgd. Fargen er blakk, i fem ulike variantar. Tidlegare fanst hesten i alle fargar, men å satse på blakk farge var eit val som vart teke alt på eit tidleg tidspunkt i avlshistoria. På slutten av 1800-talet var det populært å avle etter fargar, og kvar rase skulle ha sin eigen «uniform». Det same ser vi på dei gamle norske storferasane. Blakk farge vart truleg vald fordi den vart rekna som ein «opphaveleg farge». Trenden i Norge på 1800-talet var at alt som var «ekte», «opphaveleg» og «genuint» skulle fram i lyset. Denne nasjonalromantiske epoken kom etter at Norge gjekk ut av unionen med danskane. Bønder, bygdekunst, nasjonaldrakter, norsk språk og kultur, og ikkje minst den norrøne glansperioden, vart løfta fram og heidra. Den blakke (og spesielt den ulsblakke/borka) hesten vart eit symbol på det nasjonale, så den vart vald på det ein såg på som den mest ekte og opphavelege hestetypen her til lands (Bakken, Hegdal og Sunde, 1998).

Fjordhesten i dag vert mest brukt i hobby og fritid. Det er ein fin ride- og køyrehest til allsidig bruk. Heile familien kan ha glede av han, han har stort sett eit godt lynne, og kan også brukast i skogbruks- og jordbruksarbeid. Fjordhesten er populær i mange utland, og det har mellom anna vore avla organisert på rasen i Danmark sidan før 2. verdskrig. I terrenget er han stø på foten, og han er elles kjent for å vere ein hardfør og nøysam rase (Dahle, 2006).

3.1.3 Nordlandshest/lyngshest

Den vesle hesten frå nord er ein spennande rase, med ein særeigen historie. Ei tid var det så vidt heile rasen ikkje forsvann. Myndighetene og dei som satt med makta i heste- og husdyrmiljøa brydde seg lite om å ta vare på denne hesten, dei syntes det var nok med to nasjonale rasar: Fjordhest og døl. For å forstå kvifor den nord-norske hesten overlevde, er det naudsynt å kjenne til litt av historia til vår nordlegaste landsdel. I svært lang tid vart nemleg ikkje Nord-Troms og Finnmark rekna med til Norge i det heile teke (Vatne, 2006). Desse områda låg nord for den grensa der det kunne dyrkast korn, og hadde dermed ein annan type jordbrukskultur enn resten av landet. Den nordlegaste delen av Norge betalte i mange hundreår skatt til Russland (Vatne, 2006, s. 12), og

befolkinga i desse områda hadde ein annan kultur, andre språk og andre skikkar enn folk lenger sør. Svært mange av dei som levde her var av samisk, finsk/kvensk opphav.

Desse menneska hadde også husdyr, men hesten var neppe spesielt vanleg blant sjøsammar eller kvenske fiskarbønder langt tilbake i tid⁵. Frå 1800-talet veit vi derimot at det fanst ein del hestar i desse områda. Til liks med hesten i resten av landet, var dyra også her ueinsarta, og type og preg varierte truleg nokså mykje frå bygd til bygd, og frå innland til kyst. Då dei to hesterasane fjordhest og døl vart fastsett og «laga» sørpå, ynskte statsmakta også å få fart på jordbruket og dyrkinga av landet i dei nordlege områda. Det vart difor, heilt frå slutten på 1800-talet, sendt mengder av fjordhingstar og dølahingstar nordover, for å «forbetre den lokale hestebestanden» (Vatne, 2006, Karstad, 1949). Dei fleste bygdene tok til å avle fjordhest, medan blant anna Målselv valde dølahesten. Dette er naturleg, då befolkninga i Målselv for ein stor del var utflytte gudbrandsdølar (Karstad, 1949, s. 12). Hingstane vart brukt på lokale hopper av stadeigen type, og gjennom nokre generasjonar fekk ein det ein kan kalle rein fjording eler dølahest. Mange bønder kjøpte seg også hopper frå Vestlandet, og i gamle stambøker finn ein mange døme på utstilte fjordhopper i dei nordlege fylka, som er fødd og avla i Møre og Romsdal eller Sogn og Fjordane⁶.

Medan nordmennene stort sett fylgte straumen, og synes det var både fornuftig og lurt å avle fram større og sterkare hestar av «den rette rasen», heldt ein del bønder (gjerne av samisk eller kvensk/finsk opphav) fram med å avle den gamle hestetypen sin. Desse budde stort sett i området rundt Lyngen-fjorden i Nord-Troms, og var stolte av hesten sin. Embetsmennene og statsmakta hadde gjennom lang tid sett ned på og hundset samane og kvenene (Vatne, 2006), og det gjorde sikkert sitt til at dei ikkje gjekk med på å gå over til andre hesterasar, men tviheldt på sin eigen. Det er eit vanleg fenomen at undertrykte kulturar og folkegrupper vert svært opptekne av og bevisste på å halde på sin eigen kultur og sine eigne tradisjonar.

Alt tidleg på 1900-talet vart det oppdaga at det fanst ein annleis type hest i desse områda, og i 1916 vart det halden ei utstilling der ein samla saman «lyngshest» frå distriktet, men ein konkluderte i ettertid med at rasen måtte vurderast som nærmast utdøydd (Vatne, 2006, s. 37). Før andre verdskrig var det nokre hestar av denne gamle typen rundt om, og ei mönstring vart halden i Manndalen i Kåfjord i 1939 (Vatne, 2006, s. 38). Krigen kom, og utrydda nesten restane av lynghesten totalt. Områda vart evakuert og husa brende, og hestar vart drepne, døydde, eller vart

⁵ Rett nok fortel Vatne (2006, s. 18) at hesten er nemnt i historiske kjelder så langt tilbake som då den kvenske innvandringa tok til. Hest finst nemnt i skriftelege kjelder frå 1700-talet (Balsfjord), men det er sannsynleg at det fanst hestar der før også.

⁶ Kjelde: Stambøker for fjordhest. Hestehandlar Lefdal frå Nordfjordeid (1986) fortel om årlege turar nordover med båtlaster fulle av fjordhestar

tekne av tyskarane. Då krigen var slutt, var det få lyngshestar att. Det fanst både konsulentar, agronomar og lokale bønder og eldsjeler som tok til å legge merke til hesten på den tid, men dei møtte framleis motbør. Mange meinte det var nok med to hesterasar i Norge, og at avlen av lyngshest i alle fall måtte avgrensast til områda rundt Lyngenfjorden.

Etter kvart vart det helde nokre utstillingar, og ein tok til med å registrere og føre oversyn over dyr av rasen. Dette skjedde i den tida då hestetalet var inne i ein veldig nedgangsperiode over heile landet vårt, og hestar i hopetal vart slakta fordi det ikkje lenger var bruk for dei innafor skog- og jordbruket, og til transport. Fleire av dei få attlevande lyngshestane forsvann også ut av soga utan spor etter seg på denne tida. Det kan hende lyngshesten hadde overlevd og greidd å vekse fram vidare viss han hadde blitt i Lyngen, og dei lokale eldsjelene der hadde heldt fram med å ta hand om han aleine. Det veit vi ikkje, og vi vil aldri få svar på det. Det første alslaget for Lyngshest vart danna alt i 1946/47 (Vatne, 2006, s. 46), men på 60-talet stoppa avlen delvis opp, grunna omlegginga i jordbruket. Ein ny oppsing kom frå om kring 1970, men då fanst det nokså få avlsdyr att i området etter nedgangstidene.

På eit tidspunkt var det derimot ein kar busett i Nordland, Christen Klefstad, som fekk auga opp for lynghesten. Han syntes dyra såg ut som den typen hest han hugsa frå då han var liten, og som vart kalla nordlandshest. Dette er ikkje så rart, for hestane i heile landet var nok tidlegare nokså like den lynghesten som fanst på 1950- og 60-talet. Også på Vestlandet finn vi denne typen hest på gamle fotografi frå rundt 1900. Ser vi på islandshesten, som har vore minimalt blanda med andre typar hestar dei siste 1000 åra, finn vi truleg eit dyr som er nokså likt den hesten som fanst i heile landet før organisertavl tok til, og rasane fjording og døl vart etablerte.

Før rasedanninga, og også etterpå, hadde hestane ei rekkje lokale namn og nemningar, etter kor dei kom frå. Det var «Valdreshest» og Hadelandsgamp», «Sunnfjordhest», «Sognhest», «Vossahest», «Rosendalshest», «Nordfjordhest», «Nordlandshest», «Lofothest», «Lyngshest» og «Porangerhest», berre for å nemne nokre variantar. Dette var ikkje rasar slik vi tenker om dette omgrepet i dag, med sær preg, eksteriør og opphav, og sirlig nedteikna stamtavler, men rett og slett hest frå eit område eller ei bygd. Om nokre av dei hadde ein far eller mor frå ei heilt anna bygd, hadde mindre å seie. På nokre gardar, kanskje spesielt storgardar i Gudbrandsdalen, hadde dei til og med eigne «raser» eller «stammar» som høyrdde garden til: *Sitt eige hesteslag*. Fyrst etter at stambøkene begynte å komme ut, og rasedanninga var eit faktum, heldt ein fram med å kalle dølahest for dølahest, sjølv om den budde tre generasjonar i Målselv, eller fjordhest for fjordhest, til trass for at den vart avla på i Hallingdal eller Telemark.

Klefstad fann altså lynghesten, og kjøpte nokre eksemplar med seg til Nordland alt i 1944 (Vatne, 2008). Som nemnt likna desse dyra på nordlandshestane han kjente som liten. Han var svært interessert i å ta vare på hestetypen, og fann også nokre lokale dyr i avsidesliggende bygder i Nordland, som vart sett inn i avlen. Om desse dyra var det ein kan kalle «nordlandshestar» eller «lofothestar», eller om dei hadde blod i seg frå døler eller fjordhestar innført etter at desse rasane vart faste, er ikkje godt å vite. Klefstad tok til med å kalle hestane sine for «nordlandshest», og det vart også det som vart namnet på rasen då den endeleg vart anerkjent og fekk si eiga stambok i 1969 (Boysen, 1996, s. 11). Avlen i Lyngen var ikkje så stor på det tidspunktet, men tok seg raskt opp att utover på 70-talet. Hesteeigarane i Lyngen var lite glade for nordlandshest-namnet. Dei meinte lynghest var det einaste rette namnet på rasen, for det var frå Lyngen stamdyra kom. Det var der hesten var teken vare på, og der den hadde sitt opphav og si historie (Vatne, 2006). Dei lokale hestane Klefstad hadde brukt i avlen nede i Nordland vart heller ikkje sett på med heilt blide auge av alle⁷. I mellomtida hadde Klefstad også sold hestar til Sør-Norge, og der var dei blitt kjent under namnet «nordlandshest».

Det som skjedde desse åra, vart opphavet til ein «namnestrid», som ein etter kvart har løyst ved å bruke dobbelnamnet nordlandshest/lynghest, som er eit noko tungvint namn. Det er likevel utruleg vanskeleg å kutte ut det eine eller det andre namnet, og det heng saman med historia til rasen. N/l-hesten er i dag ein rase på om lag 125-140 cm i mankehøgd. Den har eit stort mangfold av fargar, og finst i nokså varierande typar, frå lettbygde finlemma hestar, til tyngre og meir solide dyr. Hesten kan brukast til om lag det same som ein fjordhest, og er ein fin og allsidig familiehest til både køyring og riding. Til liks med fjordingen har den rykte på seg for å ha eigne meininger, men er stort sett ein kvikk og lettlært hest. Ein del n/l-hestar gjer det godt i ponnitrav (Boysen, 1996, Grøvdal m.fl. 2003). Alle nordlandshest/lynghestar stammar frå eit svært lite tal stamdyr, og difor er innavl ei utfordring ein lenge har vore merksame på i rasen. Heldigvis har talet på individ auka svært mykje sidan 70-talet, og mange oppdrettarar er også veldig bevisste når det gjeld innavlsproblematikken.

3.2 Utfordringar

I *Handlingsplan for dei nasjonale hesterasene 2011-2020* (2012, s. 6) kan vi lese at: «Lave bedekningstall over tid fører til at populasjonene gradvis blir færre i antall enn de allerede er. Dette harmonerer verken med en komplisert markedssituasjon med sterk konkurranse fra importerte raser eller utfordringene knyttet til innavl hos disse populasjonene». Det er tydleg at rasane våre slit med ulike utfordringar, noko eg alt har vore inne på. Handlingsplana har med eit avsnitt om marknadsføring (s. 27ff), der ord som identitet og merkevare rett nok vert nemnt, men det ser ut

⁷ Jamfør Loen (1957), ref. i Vatne, 2008, s. 53,

som om Handlingsplana fyrst og fremst meiner at dette skal knytast til produktutvikling, kor kvalitet er viktig, og der «assosiasjonene må være rettet mot produktet» (Handlingsplana, 2012, s. 27). Rett nok står det så vidt nemnd at ein kan legge vekt på at hesten er «annleis» enn andre, men utanom det finn eg lite i denne marknadsføringsstrategien som støttar opp under det eg ynskjer å undersøke.

«Produktutvikling» er altså eit populært ord i våre dagar, men det kan også slå feil. Treng vi eigentleg å utvikle og tilpasse dei norske hesterasane til ein marknad som alt er full av importerte ridehestar og sportsponnier av alle slag? Vinn vi noko på det? Det er mykje snakk om, kanskje spesielt innafor fjordhesten, at ein må avle «moderne sportstypar», *for det er det folk vil ha*. «Ingen» vil ha den «gamaldagse arbeidsgampen». Er dette tilfelle? Er det forresten alltid nokon samanheng mellom eksteriør og brukseigenskapar? Fjordhesten (og dei andre norske rasane) vil aldri kunne oppnå dei same prestasjonane som ein varmblodig ridehest avla for sprang og dressurriding gjennom fleire hundreår.

4.0 Utleiing av problemstilling

4.1 Kultur og identitet

Kva med å sjå meir på *kva ein HAR* i større grad, i staden for å stå og unnskylda seg for at ein har eit produkt som ikkje held mål?, har eg ofte tenkt. Det er fristande å kaste eit blikk vestover, til *Island*. Islandshesten er enormt populær over heile verda, og også her i Norge har den fått eit solid fotfeste. Mange turoperatørar som driv med rideturar i den norske fjellheimen, nyttar islandshest. I nokre norske bygder er det eigne miljø rundt islandshesten, og denne rasen er det einaste som verkeleg tel. Islandshesten har mange plassar konkurrert ut dei norske rasane, enda den ikkje er nokon profilert rase når det gjeld verken sprang, dressur eller anna «hestesport». Det er interessant å lese anbefalinga frå islendingane, slik vi finn den i Bioforsk-Rapporten «Hest i opplevelsesbasert reiseliv» (2013): «Promoter nordlandshest/lyngshest som kulturbærer». Nordlandshest/lyngshest har en unik egenskap av å være den eneste rasen i verden som stammer fra Nord-Norge. Det medfører en unik markedsføringsmulighet i å bruke denne rasens historie som en del av en samfunnuskulturell utvikling og dermed øke interessen og populariteten for rasen» (Hind, Aanensen og Jørgensen, 2013, s. 42).

Islandshesten har sitt eige, og det er nettopp DET som sel. Svært mange av dei som reiser til Island, rir islandshest. Hesten har blitt eit symbol på landet, og vert seld i lag med natur og kultur. I det golde landskapet med varme kjelder, vulkanar og isbrear, sau og stein og ingen tre, har islandshesten ein naturleg plass. Hesten er Island, og Island er hest, i alle fall for hestefolk. Både Island og islandshesten er eksotiske, spennande og annleis. Islandshesten har eigne konkurranseformar, eige utstyr, eigne gangartar, og eigen ridestil. Også innan hestehald, trening og stell finn ein andre reglar og normer her

enn i andre hestemiljø. For mange menneske, også her i Norge, appellerer miljøet rundt islandshesten meir til dei enn det miljøet som er skapt i seinare år kring andre rasar. I denne konkurransen kan det verke som om dei norske rasane er taparane.

Ei utfording for dei norske rasane, er kanskje nettopp det at dei ikkje i stor nok grad har greidd å ta vare på sin eigen sjel og identitet. Eg er sjølv såpass «gammal» med mine 41 år at eg har fått med meg mesteparten av «paradigmeskiftet» i hestemiljøa i Norge, bortsett frå starten. Her til lands var nemleg hest, stell av hest og bruk av hest stort sett knytt til bønder og bondekultur, fram til 1950-1980. Det var bøndene som avla hest, og det var dei som i størst grad brukte hest. Dei hadde sin kultur, sine måtar å trenne, stelle, føre, sko, avle, køyre og ri på. Bøndene hadde stor kunnskap, som vart gitt vidare frå generasjon til generasjon. Dei hadde sitt eige utstyr, sine tradisjonar og normer, og enorme mengder med erfaring. Dagleg bruk av hest gjorde at det vart mengder med historier og forteljingar knytt til dyra, og hesten var eit ynda samtaleemne. Hesten var ein del av kvar dag og fest, og hadde ein naturleg plass i folk sine liv, og det var stort sett dei norske rasane som var i bruk.

På sida av dette bondemiljøet, vaks det fram ein mindre «overklasse» som dreiv med hest, først og fremst i og rundt dei større byane. Dette var folk på toppen av samfunnet, som hadde fritid og pengar til å halde hest for forlysting og moro. Kulturen som vaks fram rundt desse miljøa, hadde først og fremst sitt utspring frå kontinentet og England, og hestane dei brukte var ofte importerte ridehestar. «Rittmeistarar» med militær utdanning stod for opplæringa, og hesteutstyr, rideklede og ridestil var engelsk. Dei fine damene og herrane dreiv med sprang, dressur, kvadrilje og jaktriding, og det var himmelvide skilnadar mellom den hestesporten som gjekk føre seg i denne type miljø, og den vanlege gards- og arbeidsbruken av hest.

4.2 Kor vart det av identiteten til dei norske hesterasane?

I tida kring 2. verdskrig auka talet på hestar i Norge enormt, og det vart avla hest i stor stil. Landet skulle byggast opp att, og det var eit skrikande behov for trekk-kraft overalt. Også resten av Europa hadde bruk for mykje hest, og det vart eksportert hestar i store mengder mellom anna til Danmark. Det tok derimot ikkje mange år før bilen og traktoren i stadig aukande grad tok over hesten sine oppgåver i jordbruket og til transport, og utover på 50- og 60-talet stupte talet på hest drastisk. Det var først og fremst dei norske rasane som opplevde denne nedgangen. Fram til denne tid var det stort sett norsk hest folk brukte, som nemnt med nokre unntak. Ridehestar fanst det nokre av, samt varmlblods tråvhestar og fullblodshestar til veddeløp. Det var også blitt importert nokre islandshestar og shetlandsponniar, men desse var sjeldne kuriositetar, og slettes ikkje vanlege enno.

Hesten forsvann frå gardsbruka, og frå bybiletet i Norge. Dette var ein langsam prosess, som tok til etter andre verdskrig, og som gjekk føre seg til i alle fall utpå 80-talet. Saman med hesten forsvann

diverre også hestekulturen og hestemiljøet knytt til norsk hest. Delar av det vart att, for nokre få entusiastar beheldt hesten på garden, uansett om han berre stod der på stas. På same tid skjedde andre viktige endringar i samfunnet. Velferdsstaten var under oppsegling. Folk flest fekk betre økonomi, og fleire og fleire fekk høve til å reise på ferie, eller til å bruke pengar på hobby, rekreasjon og fritid. På 60- og 70-talet vaks det fram tilbod som rideturar på fjellet, rideleirer og rideskuler. Som nemnt fanst rideskulene alt frå før av, men då helst for dei rike. No var det fleire og fleire som kunne vere med på den type aktivitetar. Opplæring på utanlandske rasar med tilhøyrande utstyr, og ridekultur og tradisjon med røter frå England og kontinentet, var noko ein stadig større del av unge hesteinteresserte menneske tok del i. Denne kulturen breiddde om seg, og tok etter kvart overhand i hestemiljøa som heilskap, medan den gamle norske bondekulturen knytt til dei norske rasane svann vekk.

Denne overgangen har eg vore vitne til med eigne auge, og hugsar mellom anna godt «kultursjokket» eg fekk då eg flytte frå Oslo til Sunnfjord i 1989. Eg var vand med den bruken og det stellet hestane fekk på rideskuler, og med den teorien eg hadde lese meg til i hestebøkene mine (som stort sett var oversett frå engelsk). I Sunnfjord stod hestane inne på bås om vinteren, og luftegardar fanst sjeldan. At hesten måtte brukast kvar dag var ikkje tema, dekken var ikkje-eksisterande, folk skodde hestane sine sjølv, og gav dei silofôr. Alle hadde merr, valakkar var uvanlege, og merra skulle helst til hingst kvart år. Om føla laut slaktast var mindre nøye, men avlast skulle det uansett. Seletøy og køyring, kløvjing, utstilling, avl, skoing og døming og eksteriør var alt saman ei ny verd for meg, som trudde eg kunne det meste om hest. Eg vart raskt temmeleg audmjuk. Det fanst så mykje å lære, og kulturen kring fjordhesten var utruleg spennande.

I løpet av dei 26 åra som har gått sidan eg flytte vestover, har «ridekulturen» gjort sitt inntog her også. Det er ikkje lenger nokon særleg skilnad mellom hestehald i Oslo eller Bergen, og hestehald ute på eit vestlandsbruk. Folk brukar dekken, klippar hestane om vinteren, har pene grusa luftegardar og stallboksar på 3 x 3 meter, dei brukar haugevis av pengar på rosa hestebørster, grimer og tepper med namn på, og salar og utstyr av bestemte merker. Dei startar stemne med kvite ridebukser og svarte, nypussa støvlar, og tek timer hos instruktørar som underviser dei i tradisjonell «engelsk» ridestil. Til og med køyresporten er teken over av ryttar forbundet med sine internasjonale reglar og retningslinjer no, og ein startar ikkje lenger konkurransar i køyring med den gamle norske bogtreselen og skysskjerra eller karjolen. Det er berre utstyr etter utanlandsk modell som brukast, medan den norske kulturen forsvinn meir og meir. Berre på nokre få gardsbruk kan ein framleis sjå at nokon nyttar dei tradisjonelle hovudlaga og salane frå gamal tid.

4.3 Finst det noko att av den gamle hestekulturen i dag?

Hesteutstillingane er elles ei arena der ein del gamal tradisjon har blitt halde i hevd. Det er no også meininga å få til eigne konkurransar for hestar av norsk rase: *Skeid*. I dølahest- og n/l-hest-miljø har dei alt arrangert nokre tevlingar av denne typen, og det verkar svært positivt. Viss ein greier å skape noko eige for dei norske rasane, kan det vere med på å ta vare på engasjementet. Det er føreslege å ha desse Skeida som «signaturaktivitetar» der kvar rase har sine eigne øvingar. Dette er eg personleg meir skeptisk til, eg trur det viktigaste må vere å få til noko som kan samle alle dei norske rasane. Dei slit med dei same utfordringane, og å trekke lasset i lag og møte konkurransen mot dei importerte rasane i fellesskap trur eg er avgjerande for å lukkast. Skeid er tenkt som lågterskeltilbod med få krav til utstyr, banar, dommarar, osv. Viss det er mogleg å få det til slik, kan nok denne typen aktivitetar vere fornuftige for å auke populariteten til norsk hest.

Det ser også ut for å vere aukande interesse for bruk av arbeidshest til tradisjonelt jord- og skogbruk att i våre dagar. Lokallaga for dølahest arrangerer ein del dagar og kurs med fokus på skogbruks- og jordbruksarbeid med hest, og det same gjer *Foreningen Arbeidshesten*. Også enkelte fjordhestlag held denne typen samlingar frå tid til annan, der deltakarane får prøve seg på til dømes våronnsarbeid, slåttonn, eller lunning med hest og reiskap. Det har vist seg at slike dagar er populære. Mange ynskjer å vere med, og det brukar også å vere godt oppmøte av publikum på slike samlingar. Ein god del av dei som kjem for å sjå på, er eldre menneske som minnast arbeidsdagar med hest. Desse overfører kunnskap og deler erfaringar med dei yngre. Kva kjem det av at unge menneske synes dette er interessant? Kva er det som gjer at dei vil lære seg å pløye, eller køyre tømmer med hest? Ein traktor kan gjere jobben mykje raskare, og langt meir effektivt. I tillegg slepp ein å gjere tungt fysisk arbeid når ein sit i ein skogsmaskin eller i ei traktorhytte.

4.4 Kvifor valde eg norsk hest?

Då eg var 3-4 år gammal, på 70-talet ein gong, vart eg for første gong kjend med ein fjordhest. Eg er oppvachsen i Oslo, men kvar sommar var vi på ferie hos tante og onkel, som hadde hytte på Hvaler i Østfold. Det var langt å gå til butikken på øya vi var på, i alle fall for små barneføter. Vel framme ved den gode gamaldagse landhandelen fekk vi ungane sjølvsagt kvar vår is, og med isen i handa måtte eg alltid ned og helse på snille «Rappen» som gjekk på eit beite. At Rappen snappa kroneisen rett ut av handa mi fleire gongar, gjorde ikkje gleda mindre, hest var best! Nokre år seinare bygde familien min hytte i Valdres, og på ein biltur i området kom vi til stølsbutikken og kaféen «Tre hesters ranch». Der gjekk det to fjordhestar på beite, og ein plakat opplyste om at det var mogleg å leige ein hest for 30 kroner timen. Eg hadde meg nokre rundar på «Blakka» og «Dokka» den sommaren, det var i 82. Til trass for at Dokka ikkje likte vind, og helst berre ville stå i ro bak eit hushjørne, så var det heilt fantastisk å ri, og fjordhestar var dei beste hestane, sjølvsagt!

Om hausten i 1982 begynte eg på rideskule. Plassen var Ekeberg i Oslo, og eigaren var Edvin K. Thorson, som nokre år tidlegare hadde fått auga opp for fjordhesten. De fleste av hestane eg stifta kjennskap med på Ekeberg dei sju åra eg rei der, var dermed fjordingar. Frå 86 leigde også eg og den tre år yngre systera mi hestar frå Ingvar Ulvestad i Valdres, som dreiv som hestehandlar. Mor mi var lærar, og hadde lang sommarferie, dermed brukte vi å vere på hytta vår om lag 6-7 veker kvart år. I den perioden hadde vi hestar frå Ulvestad kvart år, som vi tok hand om. Dei hestane vi fekk låne, var også fjordingar. Den fyrste vi hadde var til og med ein fyrstepremiert hingst, og det var no temmeleg tøft gjort av Ulvestad å avlevere denne i vår varetekts rundt 5 veker, eg var ikkje meir enn 13 år då. Det gjekk forresten heilt fint, og sommaren med «Kvitens» vart eit minne for livet.

Seinare flytte eg til Sogn og Fjordane for å gå på jordbrukskule, og enda opp der. Her bur eg midt i «fjordhest-land», men eg har ofte tenkt på kva det var som gjorde at det var nettopp *fjordhest* som var den hesterasen EG enda opp med. Eg har ikkje møtt eksemplar som var spesielt godt trenar, spesielt vakre, eller spesielt gode i noko. Til slutt har eg komme til den erkjenninga at det rett og slett vart fjordhest *fordi det var dei hestane eg tilfeldigvis møtte på i livet mitt.*

4.5 Kvifor vel andre menneske norsk hest?

Etter å ha spurta ope på sosiale medium (Facebook) tidlegare i vår, på grupper for dei norske hesterasane, om «kva som gjorde at folk valde den rasen dei har», oppdaga eg at det er forbausande mange som er i same båt som meg. Svært mange fortalte at dei var vaksne opp med hest av den og den rasen, eller at det var den typen hest som fanst i bygda, i området, på rideskulen, hos bestefar, onkel eller tante. Det kan altså verke som om det er ei interesse for rasane som kjem av *engasjement* på grunn av *kjærleik*, og *ynskja om å ta vare på noko ein har djupe kjensler for, kanskje heilt i frå tidleg barndom.*

Fleire av dei som svarte, la også vekt på at hesten var ein del av historia og kulturen deira, og at dei dermed såg det som ekstra viktig å ha den typen hest, og å bevare den. Dette synes eg kom tydlegast til uttrykk hjå menneske i Nord-Norge som held på med rasen nordlandshest/lynghest. Tanken min er at dette gjerne er litt naturleg, fordi dette er vår yngste hesterase, og kanskje den aller mest særnorske. Fjordhesten finn vi trass alt over heile verda, kaldblodstråvaren er ein fellespopulasjon for Norge og Sverige, og dølahesten og kaldblodsen har mykje felles opphav og felles historie. I tillegg har folk i delar av Nord-Norge, og kanskje spesielt i Nord-Troms (der det fyrste avlsmaterialet til vår moderne n/l-hest kom frå), vore nøydd til å tvihalde på kulturen sin. I desse områda var bønder og småfolk stort sett av samisk eller kvensk opphav, og vart sett ned på av «herrefolket» som kom utanfrå og var norske/danske/svenske. Denne «mini-undersøkinga» fekk meg til å bli veldig nysgjerrig, og eg fann ut at dette måtte med historie, kultur og kopla til norsk hest var noko eg ville finne ut meir om!

4.6 Problemstillinga mi

I oppgåva mi stiller eg spørsmålet *om historie, forteljingar, kultur og tilknyting til det lokale kan nyttast for å skape engasjement og auke interesse for norske hesterasar*. Bakgrunnen for denne problemstillinga og kvifor eg synes den er interessant, har eg alt greidd ut om. Det finst ikkje mykje forsking på dette emnet hittil her i Norge, men Hind, Aanensen og Jørgensen (2014) ved Bioforsk Nord Tjøtta har sett på bruk av nordlandshest/lyngshest i opplevingsbasert reiseliv. I samband med dette gjennomførte dei ein spørjeundersøking, der fleire av respondentane «poengterer også de mer kulturelle verdiene til rasen; den har geografisk og kulturell tilhørighet, noe som gjør den ekte og unik. Det gjør at den også får en emosjonell verdi og beskrives som «en rase som står mitt hjerte nært» (Hind, Aanensen og Jørgensen, 2014, s. 18).

I rapporten kan vi også lese at Nord-Norsk Hestesenter har jobba med eit filmprosjekt («Den mystiske hesten»), og at det gjeld å finne nokre måtar å nå fram til dei som ikkje er raseentusiastar frå før av. «En metode kan være å levendegjøre hesterasen gjennom å vise noen av dens egenskaper», skriv dei, og gir eit døme på ei historie, før dei fortset med at «Slike unike historier om nordlandshest/lyngshestens egenart og innsatsvilje må opp og fram. Det er historier som er med på å skape følelser og gjør at man blir glad i rasen (Hind, Aanensen og Jørgensen, 2014, s. 39). Nettopp dette er det eg også har tru på, og som eg vil finne ut meir om i denne oppgåva.

5.0 Teori

5.1 Lokalhistorie og kultur

Bøe (2006, s. 95) fortel at norske undersøkingar viser at grunnskuleelevar er mykje meir interessert i lokalhistorie enn i nasjonal og global historie. Det viser seg også at elevar som bur på bygda er litt meir opptekne av lokalhistorie enn dei som bur i byane. Jenter er meir interesserte i lokalhistorie enn gutter. Yngre elevar er elles ofte også meir opptekne av det nære og lokale, fordi det opplevast trygt, nært og attkjenneleg. Bøe (2006, s. 97) reflekterer elles over om interessa for lokalhistorie også kan ha med at det er lettare å formidle den på ein levande måte. Ofte kan læraren eller den som formidlar trekke inn plassar, tradisjonar, personar eller hendingar i bygda for å levandegjere den nære historia, og dette er til god hjelp for å få den spennande.

Historia og fortida kan brukast kommersielt, for å skape identitet til eit produkt eller ei teneste, med tanke på sal (Bøe, 2006, s. 133). «Bedriftsidentitet» og «storytelling» er viktige element i marknadsføring i dag. Skal ein skape ei merkevare, må ein ha ei historie å fortelje.

5.2 Eigenart, identitet og merkevare

Høyvik (2002, s. 41) skriv at det «er misforstått å tru publikum strøymer begeistra til ein stad som i reklamen hevdar å kombinere stordomen i Alpane med engelsk landsbyidyll, eller den historiske festivitasen i Loire-dalen med Tibets mysterium. Dette har lite med eigenart å gjere, og ein slik stad vil dei fleste unngå!». Skal ein overføre dette til hest, vil det truleg ha lite føre seg å prøve å marknadsføre fjordhesten med ei sportsponni, eller nordlands/lyngshesten som ei slags norsk versjon av islandshest. På ein annan side går det an å hente impulsar frå andre land eller område, og passe dette inn i lokal kultur, viss ein gjer det på den rette måten. Almås (1995, s. 263) brukar konseptet «Open gard» som eit døme på vellukka implementering av ein fransk ide: «Ferme overt». Då ein begynte med Open gard-arrangement i Norge, vart konseptet endra og tilpassa norske tilhøve, og har blitt svært populært over heile landet.

På same måte kan ein no truleg nytte kunnskap frå dei lange tradisjonane England har med bruksklassar for ponni på utstillingane, til å skape noko nytt på dei norske hesteutstillingane. «Engelsk ponnishow for fjordhest og døl», med ridejakker, blankpussa støvlar, fedre i bowlarhatt og mødrer i tweed, vil neppe slå an. Dette vil bli ein salig blanding av alt mogleg, og verken fugl eller fisk. Greier ein derimot å kombinere ideane bak ponnishowa, nemleg å få til små og enkle lågterskeltilbod for å skape aktivitet på hesteutstillingane, med norsk tradisjon og kultur, kan ein få noko ut av det.

Merkevarebygging er viktig i dag, men det er ikkje nok at eit merke signaliserer produktkvalitet. «I dag spiller den reklamen vi eksponeres for, mer og mer på de personlighetene og livsstilene som et merke er ment å representere. Merkebudskapene sier i mindre grad noe om merkets fysiske produktegenskaper og nytteverdi», skriv Iversen, Stølen og Hem (2007, s. 106). Det er dermed ikkje sikkert at det har så mykje føre seg å marknadsføre norsk hest som gode hestar til bestemte bruksføremål. «Signaturorda» som er laga for dei norske hesterasane fjordhest, n/l-hest og døl ligg nok nærmere denne sokalla «merkepersonlegheita»: *Døl: Kaldt hovud- Varmt hjarte. N/l-hest: Sterk - mangfaldig – ekte. Fjordhest: Rein – norsk – energisk.*

Desse slagorda kan truleg nyttast i marknadsføring, viss dei seier potensielle kjøparar noko. Ein kan stille spørsmål ved om «mannen i gata» skjønar betydinga av desse orda, og tenkjer at ein slik hest er verdt å bli kjend med eller å eige. Personleg synes eg absolutt at dølahesten sine signaturord er best, då dei vanskeleg kan mistolkast, og vil forståast av dei fleste. I tillegg speler dei på kjenslene våre. Fleire av dei andre orda er i langt større grad avhengig av kva ulike personar legg i dei, og korleis han definerer dei. Nokre kan til og med tolkast negativt.

Assosiasjonar om opphav er også viktig når ein merkevare skal byggast. Eit sterkt «stadimage» sett saman av ulike opphavsassosiasjoner, kan brukast i marknadsføringa, hevdar Iversen, Stølen og Hem

(2007, s. 107). Kopling mellom ein stad og eit produkt kan gi ein automatisk forventning av kvalitet og god vare. Kan ein marknadsføre norsk hest i lag med norsk kultur, natur og stadtidentitet? «Ved å spille på lokal kultur, natur, ferdigheter hos lokalbefolkningen eller andre lokale ressurser, kan lokalproduserte varer og tjenester tilføres noen unike symbolverdier som er stedsspesifikke», skriv Iversen, Stølen og Hem (2007, s. 107). Å jobbe med merkevarebygging er ein møysommeleg prosess. Det å kartlegge kva slags assosiasjonar får når dei hører om ein stad eller eit produkt, er viktig, og her gjeld å få tak i både haldningar, tankar, følelser og meininger (Iversen, Stølen og Hem, 2007, s. 111).

Når det gjeld identitet i høve til historie og forteljing, synes eg Stugu (2008) skriv om dette på ein grei måte. Han hevdar at det er konstatert at det ikkje berre er ein samanheng mellom identitet og historie, men også at medvit om felles historie kan skape større entusiasme for det fellesskapet det skrivast eller forteljast om. Dei fleste, både einskildpersonar og grupper, «søkjer på ein eller annan måte legitimitet og stoltheit i førestillingar om eige opphav og eige fortid» (Stugu, 2008, s. 35). Historia vår er grunnleggande, for oppfatninga av kven vi er, kor vi hører til, og vår identitet (Figueiredo, 1999, ref. i Stugu, 2008, s. 35). Vidare peikar Stugu (2008, s. 35) også på at det er lettare å oppdage potensiale for identitetsdanning i eintydige tekstar skrivne for eit breitt spekter av leسارar, enn i fagtekstar. Forteljingane er altså igjen viktige, og slike har blitt brukt til alle tider for å skape felles verdiar.

5.3 Opplevingsøkonomi

«Livet er en maskin for å skape og hente fram minner», har Umberto Eco skrive (2011, ref. i Pedersen, 2012, s. 19). Sidan minner er så viktige, er det klart at opplevelingar vert ein vesentleg del av livet. Minna om opplevelingane bleiknar med åra, og vert blanda saman med seinare erfaringar. Når vi fortel om minna våre, omtalar vi dei ofte som «hendingar», og refererer det vi såg og gjorde, kva vi følte, sansa osv. (Pedersen, 2012, s. 20). For dei som arbeidar med å skape opplevelingar som rører ved folk, som dei ynskjer å vere med på, og som gir minner for livet, er det viktig å vere bevisst på kva menneska i våre dagar eigentleg vert fascinerte av. «Det er alltid den bakenforliggende ideen og fortellingens sjel man må lete etter når man skal skape en opplevelse. Det er fordi det er den folk kan forstå nesten intuitivt og dermed også berøres av!», sier filmskaparen Nils Gaup (ref. i Pedersen, 2012, s. 17). Kort sagt handlar dette om historieforteljing, som eg kjem meir innpå i kapittelet om *interpretasjon*.

Sjølve ordet oppleveling er vanskeleg å definere klart, men vert ofte forklart som «en begivenhet eller en hendelse av minneverdig karakter» (Pedersen, 2012, s. 32). Denne definisjonen er for så vidt grei, skriv Pedersen (2012) vidare, men det er viktig å forstå at aktiv menneskeleg deltaking også er ein føresetnad. «Den som deltar i opplevelsen må sjølv bidra med sitt engasjement, sine følelser, sin tid

og ikke minst sin tilstedeværelse for at opplevelsen kan fullbyrdes» (Pedersen, 2012, s. 32). Det er elles viktig å vere klar over at ei oppleving ikkje treng å vere knytt til ei hending som til dømes ein ridetur eller eit besøk på ein gard. Også det å lese ei bok, sjå på eit bilet eller høre ei historie kan vere ei oppleving, viss det vekker kjensler hos deg, og gir deg minner du tek med deg vidare i livet.

I dag snakkar vi om opplevingsøkonomi, der oppleving gir grunnlag for innovasjon og verdiskaping. «Service har blitt nedgradert til noe selvsagt, som vi ikke lenger vil betale ekstra for, mens meningsdannende opplevelser og positive personlige endringsprosesser på sin side har fått en økonomisk verdi i seg selv», hevdar Pedersen (2012, s. 34). I dagens «opplevingssamfunn» er oppleving noko som har ein kulturell og sosial verdi for innbyggjarane, og dette ser vi svært mange døme på i kvar dagen.

Nordmenn i dag er ikkje lenger nøgde med å reise til Syden for å ligge på ei strand, dei vil oppleve noko unikt og spesielt i tillegg. Dei ynskjer ofte å sjå eller lære noko om staden sin kultur, dei vil finne bortgøynde plassar og små restaurantar med lokal mat og vin, og sjå og høre om det særeigne. Dette treng ikkje vere noko flott og stort, det som tel er opplevinga. Bøe (2006, s. 147) viser til National Geographic Society sitt omgrep «geoturisme», eit relativt nytt omgrep innan reiselivsnæring. Dette er turisme som kjem lokalsunna til gode, og tek vare på, forsterkar og framhevar eigenarten og særpreget til ein stad, til dømes kulturarv, miljø, estetikk og kultur.

Kulturbasert reiseliv er eit satsingsområde, og kvifor ikkje setje dette i samanheng med dei norske hesterasane? Hesten kan vere eit av dei kulturelementa som får folk til å komme til bygdene. Samtidig vil bevisstheita om at den norske hesten *er* kulturarv, gjere at vi leitar fram historiene og forteljingane om den, og den vert enno meir interessant, også som eit produkt i seg sjølv. «Geoturister særpreges ved at de er ute etter å se det opprinnelige», skriv Iversen og Hem (2007, s. 93). Og dei vil ikkje berre *sjå*, men også *vere, gjere og lære*. Dei vil oppleve natur- og kulturlandskap, lokal levemåte og lokale tradisjonar.

Ein skal vere klar over at «turistane» som ynskjer å vere med på aktivitetar på til dømes ein gard, slettes ikkje treng å vere langvegsfarande. Tvert om, dei kan komme frå nabobygda eller ein kommune i same fylke eller distrikt. Å oppleve det nære vert viktigare for fleire og fleire. Mange av geoturistane kjem også frå urbane strok, og tilhøyrar dei høgare sosioøkonomiske samfunnslaga. «De leter etter autentiske opplevelser av lokal natur og kultur» (Iversen og Hem, 2007, s. 86). Dette er altså ofte folk med høg betalingsevne. Kan vi få desse til å møte den norske hesten, og bli kjent med den betydinga han har hatt gjennom tidene?

Når det gjeld kundar som kjøper til dømes eit matprodukt, er betalingsviljen langt større viss ein tilfører det ein meirverdi, «for eksempel å servere i vakre omgivelser eller ved å gi det en interessant

historisk dimensjon», skriv Pedersen (2012, s. 55). Samfunnet vårt har gått frå å vere oppteke av lett tilgjengelege råvarer, til å tenke pris. I seinare periodar stod service i fokus, men etter kvart vart også god kvalitet på varer og tenester, og god service i alle ledd, noko sjølvsagt, som ein kvar forbrukar forventa. Seljarane vart nøydd til å finne på noko nytt, og tok steget over i opplevingsøkonomien. *Autentisitet* har blitt den sentrale konkurransefaktoren (Pedersen, 2012, s. 55). Tenesta eller varen må opplevast som ekte, truverdig og genuin, og kalle på dei rette kjenslene i kjøparen. Å kjøpe opplevingar er viktige, og det skal ikkje vere kva som helst. Forbrukarar i dag er villege til å betale ekstra for noko dei opplever som ekte.

Fjelldal-Soelberg og Lindberg (2012) fortel at viss ein som entreprenør eller seljar ynskjer å dekke behovet for at turistar skal bli mette, må dei syte for skikkeleg mat på bordet. Sjølvsagt treng dei mat, «men de ønsker kanskje å oppleve noe autentisk fra vår kultur samtidig? Dette taler for at behovet for mat blir for snevert her. Det essensielle er heller opplevelsen, kanskje i form av et festmåltid eller den kulturen man befinner seg i» (Fjelldal-Soelberg og Lindberg, 2012, s. 205). Det immaterielle betyr ofte meir enn sjølve produktet, og ein må spørje seg *korleis* kunden får tilbodet servert, ikkje berre *kva* han får. Det som er avgjerande, er å forstå på kva måte overleveringa av produktet går inn i kunden sin eigen verdiskaping. Kan han delta aktivt sjølv?

For oss som driv med norsk hest er det viktig å forstå at i våre dagar er ikkje den jamne kunde lenger fornøgd med eit produkt, og berre det. Vi kan marknadsføre ein fjording, dølahest, kaldblodstråvar eller nordlands/lyngshest som er trena og stelt etter alle kunstens reglar, ser lekker ut og presterar godt. Det er berre det at dette er ikkje alltid nok. Forbrukaren vil ha oppleveling, noko spesielt, noko genuint, noko ekte. Han vil ha noko som kan takast og følast på, luktast og høyrast, og noko som spelar på djupe strengar. Det er ikkje sikkert barna, ungdomane eller dei vaksne som møter den norske hesten bryr seg så mykje om den er litt tjukk eller utrent, om fjordhesten har man som heng ned, kva slags nivå hesten går på i dressur, eller kor høgt han hoppar. Kan hende er det viktigare for dei at dei får lov til å vere i lag med hesten, og med nokon som tek dei med på tur eller i arbeid. Nokon som kanskje også i tillegg fortel historier om dyra som verkeleg set seg fast i sjela, blir hugsa i ettertid, og gir eit stort ynskje om å ta vare på?

5.4 Forteljing og interpretasjon

Fyrste gong eg høyrde ordet «interpretasjon» var i samband med eit studie eg tok i «Samfunnsfag med vekt på entreprenørskap og digital formidling» i 2011/2012. Der hadde vi førelesningar med Eli-Grete Høyvik, og ho fortalte om dette temaet, som ho hadde nytta i si Masteroppgåve i Samfunnsplanlegging. Eg forstod straks at denne måten å formidle kunnskap og oppleveling på var utruleg nyttig, og sidan har eg hatt interpretasjonsomgrepet i bakhovudet i arbeid med både hest og bygdeutvikling.

Interpretasjon handlar kort og godt om formidling og tolking av natur- og kulturarv (Høyvik, 2002, s. 16). Det som er viktig med denne måten å formidle på, er at formidlaren maktar å gi bodskapen vidare på ein slik måte at den vert interessant for den som tek i mot, og slik at mottakar vert engasjert og får lyst til å ta vare på naturen eller kulturarven han eller ho lærer om eller opplever. Dei norske hesterasane kan i høgste grad kallast kulturarv. «Interpretasjon handlar om spesielle stader – ein bygning, eit landskap, noko frå folkelivet, ei bygd, ein gjenstand eller ei samling av slike, ein industri, ei historisk hending eller periode, ein aktivitet», skriv Høyvik (2002, s. 35). Når det gjeld hest, tenkjer eg at den her kan klassifiserast som «gjenstand», men elles kan hesten knytast lett knytast opp mot svært mykje anna. Bygningar kan ha historier om hest, som ullvarefabrikken i Innvik, der eit stort og viktig møte om fjordhesten vart halde for over 100 år sidan. Forteljingar om hest kan vere knytt til personar eller hendingar, til kvardag og fest i daglelivet. Gjenstandar som seletøy, reiskapar til hest og liknande kan også danne utgangspunkt for interpretasjon.

Freeman Tilden (1957, ref. i Høyvik, 2002, s. 35ff) sette ned dei grunnleggjande prinsippa for interpretasjon, som kan samanfattast slik (jamfør Høyvik, 2002):

1. *Ei kvar tolking og formidling som ikkje knyter det som blir vist eller skildra til personlegdomen eller røynslene til den besøkande, vil bli gagnlaus (sterile).*

Dei som besøker ein plass, vil bli snakka *med*, ikkje til. Formidling som rettar seg direkte til gjestane, er langt meir verknadsfull enn rein informasjon. Tilden (1957, ref. i Høyvik 2002, s. 36) nemnar eit døme, frå plassen der den amerikanske presidenten Franklin D Roosevelt vart fødd. I staden for at informasjonsplata på staden sa «President Roosevelt ble født i dette rommet», refererte den teksten frå eit telegram: «...ein sunn og sterkt gut, vekt 9 ½ pund, denne morgon». Slike små endringar bringar oss nærmare stemninga og hendinga, og det vert dessutan langt lettare å relatere informasjonen vi får til eigne erfaringar. På same måte kan til dømes ein flink formidlar ved eit norsk opplevelingsenter, kunne levandegjere naturkatastrofar som snøskred til japanske turistar, ved å samanlikne med jordskjelv og tsunamiar. Med ein gong ei oppleveling vert relatert til noko du kjenner att og kan identifisere deg med, vert det langt meir spennande, og appellerer til kjensler og stemningar på ein heilt annan måte.

2. *Informasjon i seg sjølv er ikkje interpretasjon. Interpretasjon er oppdaging bygd på informasjon og vil alltid innehalde informasjon. Men det er vidt forskjellelege ting (Tilden, 1977, ref. i Høyvik, 2002, s. 37).*
3. *Interpretasjon er ein kunstart som kombinerer fleire kunstartar, om stoffet som blir presentert er vitskapleg, historisk eller arkitektonisk. Alle kunstartar er det i nokon grad råd å lære vekk.*

Formidling med innleiving er viktig. Ein person som verkeleg er engasjert i det han eller ho fortel, kan gjere det tørraste faktastoff superinteressant for tilhøyrarane. Dei fleste av oss har hørt Knut Jørgen Røed Ødegård fortelje om stjerner og planetar på radio eller fjernsyn. Når han snakkar om dette, er han så engasjert at kvar og ein må få lyst til å lære meir om emnet. Når vi opplever at ein person verkeleg brenn for det han eller ho fortel om, og formidlar, samt at vedkommande har eit vell av kunnskap om emnet, er det svært spennande å høre på. Det å bruke seg sjølv er viktig, og dramatisering og historieforteljing er nytige reiskapar i så måte. Å levandegjere fakta er utfordrande, men «gode historier» fenger og blir hugsa. Journalistar er nok i våre dagar stort sett flinkare enn forskrarar, fagbokfattarar og vitskapsmenn til å formidle historie og kultur på ein interessant og levande måte (Høyvik, 2002, s. 37).

4. *Hovudmålet med interpretasjon er ikkje opplæring, men kveik (provocation) (Tilden, 1977, ref. i Høyvik, 2002, s. 39).*

Vitsen med interpretasjon er å få ein lyttar, leser eller sjåar til å utvide interesse- og kunnskapshorisonten sin, og få ei betre forståing enn det reine fakta kan gi, hevdar Høyvik (2002, s. 39). Denne forståinga skal få oss lyst til å vite meir, men vi skal også få lyst til å ta vare på det vi får vite noko om. Ved å gi folk kunnskap gjennom interpretasjon, er meininga å gi dei motivasjon for å verne. Om ein veit bakgrunnen eller historia til ein bygning, ein stad, ein gjenstand eller liknande, eller kjenner historier knytt til den, er sjansen mykje større for å ynske at både «tingen» og forteljingane om den skal takast vare på for framtidige generasjonar.

5. *Interpretasjon bør ha som mål å presentere ein heilskap heller enn ein del, og må rette seg mot heile mennesket heller enn ein del (Tilden, 1977, ref. i Høyvik, 2002, s. 39).*

Dette er eit viktig punkt. Ein må alltid prøve å setje ting inn i større samanhengar, for å gi folk ein betre forståing av kva det *eigentleg* dreier seg om. Når ein har opplevd noko, eller har besøkt ein plass, bør ei sitje att med eit eller fleire heile biletet i hovudet, framfor små fragment som fyk hit og dit. Det siste og sjette punktet dreier seg om formidling til born, og dette kan det vere viktig å tenke på når det handlar om hest. Barn er opptekne av dyr, og tek meir enn gjerne i mot kunnskap.

6. *Interpretasjon retta mot born (til ca. 12 år) bør ikkje vere ein utvatna versjon av presentasjonen for vaksne, men bør følgje ei grunnleggjande ulik tilnærming. På sitt beste bør det vere eit eige program (Tilden, 1977, ref. i Høyvik, 2002, s. 40).*

Ein treng ikkje bruke komplisert språk og vanskelege ord når ein formidlar til barn, men samtidig treng ein ikkje «pakke inn» noko eller fjerne meininga med bodskapen heller. Barn er nysgjerrige og opne, og har ofte dei beste opplevingane når dei får bruke alle sansane sine. Å la ungane få helse på

hesten, ri, køyre vogn, stelle, føre og kose, gir ofte langt betre læring enn at ein fortel om hesten i eit klasserom. Historieforteljing er også enormt effektfullt når det gjeld barn og ungdom. Dei unge avskyr skulens lineære historieundervisning og foreldra sin snusfornuft, men gi dei historier og eventyr, det elskar dei, fortel Holm (2004, s. 12). Dette har eg som førskulelærar eigne og gode erfaringar med. Ingen ting gjer barna meir lyttande og interesserte enn viss ein set seg ned og fortel eigenopplevde historier frå då ein sjølv var liten, eller seinare i livet. Fortel eg barna kor farleg det er å gå på isen når den ikkje er trygg, høyrer dei ikkje alltid etter. Om eg derimot hentar fram minne og fortel om den gongen eg gjekk gjennom isen sjølv, og kva som skjedde då, så vil dei vite meir, dei høyrer etter, og dei hugsar.

Det er ikkje berre overfor barn og unge at historieforteljing er effektfullt. Det er forteljingane og historiene som held oss saman, det er dei som utgjer fellesskapet og identiteten vår. Forteljingar brukast for å bygge nasjonar og land, samfunn, religion, felles verdiar og normer (Holm, 2004). Kanskje historieforteljing er det verktøyet som skal til for å skape harmoni mellom det intuitive og det logiske?, spør Holm (2004, s. 216). Ein spennande historie gjer at tilhøyrarane forsvinn frå verkelegheita og vert med deg til ein annan tid eller ei anna verd. Forteljingar gjer at vi hugsar. Vi har vel alle saman hørt føredrag haldne av ulike lærarar, professorar eller fagpersonar. Om desse fortel historier frå eigen kvardag og praksis, forteljingar dei har hørt frå andre, eller erfaringar dei har gjort seg gjennom erfaringar, så hugsar vi det. Slike historier kan ein ta med seg resten av livet, og kanskje til og med formidle dei vidare til eigne elevar, studentar eller tilhøyrarar, mange år seinare.

Kvifor er forteljingane så viktige for oss? Kva gjer dei med oss? «Fortelling er livstolkning, livsform, «livet selv», kommunikasjon, en uttrykksform for kulturen», skriv Breidlid og Nicolaisen 2011, s. 20), og held fram med at «Fortelling er spennende og fascinerende historier. Fortellingen står på egne ben og lever sitt eget liv – i kultur, samfunn og historie, og i det enkelte mennesket». Alle har vi våre eigne livsforteljingar eller livshistorier. Desse er særskilt viktige for oppfatninga vår av identitet, og for korleis vi tolkar alt som skjer i liva våre. Livsforteljinga vår er ikkje berre dei ytre hendingane i livet. «Den autentiske livsfortellingen er den jeg lager selv når jeg skaper en sammenheng i livet mitt ved å sette hendinger inn i en fortolkende ramme. Til hjelp i tolkingsprosessen brukes fortellinger og metaforer. Noen fortellinger har fått grunleggende betydning for min livstolkning. De er mine grunnfortellinger, fordi de er grunnleggende for vår identitet», fortel Breidlid og Nicolaisen (2011, s. 48). Forteljingar vi høyre som barn, vert ofte svært betydningsfulle.

5.5 Nyskaping

«Det som likevel er sikkert, er at nyskaping er meir nødvendig enn før i næringsutviklinga, og at våre nære marknader i Europa tørstar etter variasjon og autensitet», skriv Almås (1995, s. 262-263). Ein treng ikkje tenke det store utland for å leite etter denne typen tørst, det er nok å sjå ut stoveglaset.

For menneska i dag er det ikkje nok med kvalitetsprodukt og god service. Dei er ute etter noko *meir*, og det er dette vi som nyskaparar må vere klar over.

Lønning (2010) skriv at eit nyskapande menneske alltid er på veg. Ein slik person er i *modus aktiv*, og skapar sjølv framtida si. Han let ikkje andre ta styringa, men gjer sine eigne val. I tillegg vert ein nyskapar aldri *ferdig*, han er heile tida i ein prosess, og nettopp dette er noko av drivkrafta ved nyskaping. Ein ser kva som *kan bli*, og vegen er målet. Lønning (2010, s. 41) refererer til filosofen Nietzsche, som hevdar at det alltid finst potensiale for nye perspektiv, og at «moral og sanning» kan fungere som stengsel mot «utsynet mot det opne havet. Det ferdig skapte og innestengde gir ingen grobotn for utvikling og nyskaping.

«Etablerte sanningar» er eit omgrep Lønning (2010) nyttar for å setje ord på alt vi trur vi veit, og som vi meiner at er sant. *Sanning* har alltid vore eit omdiskutert omgrep, men kva er eigentleg sanning? Finst det nokon sanning? «Sanninga framstår for oss som om ho berre er der, men vert i røynda skapt av menneske. Mennesket hevdar å vere skapt, men er i røynda den som skapar», hevdar Lønning (2010, s. 49). Når ein er i *modus passiv*, stillar ein ikkje spørsmål til det etablerte, men stadfestar det som den einaste og rette sanninga. Ein ser rett og slett ut av det same glaset heile tida, og greier ikkje å sjå verda og ulike fenomen på nye måtar. «Det er heilt avgjerande for å lukkast at *ikkje* etablerte sanningar blir lagt til grunn for mobiliseringars arbeidet», skriv Lønning (2014, s. 123).

Skal ein overføre noko av denne tenkemåten til arbeidet med norsk hest, så trur eg det finst ein etablert sanning som seier at dei norske rasane ikkje er gode nok, og at dei må utviklast og tilpassast til nye og moderne bruksområde. Dette har vore det store mantraet i årevis, men etter talet på fødde føl, oppslutnad på utstillingar og talet på hest av norsk rase å dømme, ser det ikkje ut for å fungere nemneverdig godt å ha for einsidig fokus på dette. Kanskje må vi begynne å tenke «nytt», også innafor hestemiljøet? De Bono (1970) sitt «verktøy» for nytenking og kreativitet kallast «Lateral thinking». Her tenkjer ein i breidda (altså horisontalt) i staden for å tenkje at det berre finst EIN veg å gå: «Vertical thinking moves only if there is a direction in which to move, lateral thinking moves in order to generate a direction» (de Bono, 1970, s. 39). Han legg til at medan den vertikale tenkinga er analytisk, er den laterale proaktiv. Her kan det skje noko nytt! Vertikal (eller tradisjonell) tenking er på mange måtar ein veldig låst måte å tenke på, med lite rom for tankesprang og ville idear «utanfor boksen».

I offentlege debattar finn ein ofte påstandar om at «utviklinga må gå sin gang», hevdar Lønning (2010, s. 61), som koplar dette opp mot synet på bygda. Bygdene vert sett på som passive aktørar, og den rasjonelle handlemåten er aksept og tilpassing. Om ein ser slik på det, og definerer bygda og omverda som noko ferdig skapt, avhengig av ekstern velvilje, då eksisterer det ikkje noko

nyskapingsrom. Lønning (2010, s. 65) peikar vidare på at «nyskaping av framtid må altså byggja på avskaffing av fortid som sanning». Samtidig er det verd å merke seg at sjølv om ein skal sjå med nye auge, tyder ikkje det at dei nye perspektiva skal komme *i staden* for dei som alt finst. Dei skal vere nye og skapande *tillegg* (Lønning, 2014, s. 122).

I denne oppgåva har eg valt å setje fokus på bruk av lokale forteljingar og historie som reiskap for å auke interessa for dei norske hesterasane. Korleis passar Lønning sine teoriar om å avskaffe fortid som sanning inn i dette? Eg tolkar Lønning slik at han ikkje meiner at vi skal kaste vrak på det som har vore. Derimot må vi vere opne for nye måtar å tenke på, og at menneska i dag ikkje nødvendigvis legg vekt på dei same verdiane som ein forfekta for 20 eller 30 år sidan. I boka «Liv i fjøsan» (2013) skriv Lønning om gjenbruk av tomme fjøsbygningar. Fjøsa fortel historier om menneskeleg aktivitet og levemåte i fortida, og ein kvir seg på å rive dei ned, men samtidig er dei berre tomme skal viss dei ikkje brukast. Sjølve verdien til fjøsa er avhengig av menneskeleg engasjement og trivsel.

Om ein nyskapingsprosess skal vere vellukka, trengs det engasjement, innleving, kunnskaps- og ideutvikling (Lønning, 2013, s. 34). Det er også interessant å merke seg det Lønning (2013) skriv om ulike typar fjøs. Dei eldre fjøsa er ofte langt lettare å bruke til nye formål. Dei har vore bygd for å vare, og for å romme mange ulike dyreslag og aktivitetar. Fjøset var bygd for mangfold, og løysingane var fleksible. Dei moderne fjøsa, bygd etter opptrappingsvedtaket i 1976 (jamfør stortingsmelding nr 14, 1976, ref. i Lønning, 2013, s. 42) er ofte svært standardiserte. Dei er bygd for einsidig drift og produksjon, og ser stort sett nokså like ut over heile landet. Ofte er fjøsa for ein stor del bygde av betong, og det er langt meir utfordrande å bygge dei om til andre føremål enn den produksjonsforma dei ein gong vart sett opp før.

Fjøs og hest er kanskje ikkje direkte samanliknbart, likevel er det vel verdt å sjå samanhengane. Ein hest avla for eit standardisert bruksområde eller føremål, vil vere langt verre å nytte til andre ting i framtida. Å legge vekt på avl av ein allsidig og mangfoldig hest, gir truleg det aller beste grunnlaget for å halde på rasar som kan tilpassast framtida. Og då snakkar eg ikkje om spesialtilpassing til bruksområde som dressur eller arbeidskøyring, men tilpassing til framtidas menneske sine mangfoldige krav, verdiar og tenkesett.

Når det gjeld nyskaping, kan det elles vere verdt å ta med seg Stugu (2008, s. 18-19) sine ord om at historiemedvit er ein grunndimensjon i sjølvforståinga til menneska. «Eit historiemedvit inneber ei meir eller mindre klart utforma førestelling om korleis individ og kulturar inngår i historiske hendingsgangar som ikkje er avslutta, og som ein sjølv er ein del av» (Stugu, 2008, s. 18). Desse førestellingane handlar om både fortid, notid og framtid, og er ein del av livsorienteringa vår. «Eit

individ med reflektert historiemedvit skjønar at det er skapt av historiske prosessar, men og at det har evner og kapasitet til å påverke sin eigen situasjon og skape historie sjølv» (Stugu, 2008, s. 19).

Identiteten vår er bygd opp av forteljingar, men berre ved å kjenne dei, kan vi bli nyskapande og endre noko. Her er historia om dei norske hesterasane viktig og sentral. Ved å forstå kvifor ein sette i gong med raseavl, kva som gjorde at ein tok til med kåring av hingstar, korleis utstillingssystemet har oppstått, kvifor n/l-hesten har eit dobbeltnamn, kva for nokre prosessar som låg bak vala om slektskapsavl og lineavl i dølahesten, og kvifor fjordhesten i dag er blakk på farge, er ein nøydd til å kjenne til meir enn årstal og avgjerder. Ein må også vite kva verdiar som styrte menneska sine val den gong, korleis den kollektive tankegongen var då, og korleis den har endra seg gjennom tidene. Det er lett å tenke at det som ein gong er bestemt, skal vere slik alltid. Det stemmer ikkje, og om vi les historie, ser vi at det har vore gjort mange val gjennom tidene som vi ser på som fullstendig urasjonelle eller forferdelege i dag. Skal dei norske hestane ha ein plass i dagens samfunn, er det viktig å sjå på kva som betyr noko for menneska *i dag*. Kva er *våre* verdiar, og kva er *vi* opptekne av?

6.0 Metode

6.1 Kvalitativ og kvantitativ metode

Metoden er reiskapen vi brukar for å samle inn data, altså informasjon ein treng til undersøkinga ein gjer, skriv Dalland (2007, s. 83). Det finst mange måtar å gjere dette på, til dømes gjennom intervju, observasjon, spørjeskjema, og ulike formar for feltarbeid. Ein kan også studere skrivne tekstar eller talmateriale som andre har samla inn før, og analysere dette med tanke på å finne noko som er relevant for problemstilling og tema. Ein deler ofte opp metodar i *kvalitative* og *kvantitative*.

Skilnaden mellom desse to er først og fremst at kvalitative metodar går i djupna, og legg vekt på tyding, medan dei kvantitative metodane legg vekt på utbreiing og tal (Thagaard, 2013, s. 17).

Intervju og observasjon vert ofte rekna som typiske kvalitative metodar, medan spørjeundersøkingar ofte vert rekna som kvantitative. Det er derimot ikkje noko i vegen for å bruke intervju eller observasjon kvantitativt, eller å bruke spørjeskjema kvalitativt.

Grønmo (1996, s. 73) seier at bruken av omgropa kvalitativ og kvantitativ først og fremst handlar om eigenskapar ved datamaterialet ein samlar inn og analyserar. «Grovt og enkelt skisserert kan data karakteriseres som kvantitative dersom de uttrykkes i form av rene tall eller andre mengdeterminer (for eksempel mange/få, flere/færre, de fleste/de færreste, og så videre). Data som ikke uttrykkes på denne måten, er kvalitative» (Grønmo, 1996, s. 73-74). Det er først og fremst problemstillinga som styrer kva slags metode vi bør velje. Er vi ute etter meningane til folk, nyttar vi ofte kvantitative metodar. Om vi er ute etter haldningar, er det meir rett å bruke kvalitativ metode, skriv Larsen (2007, s. 23).

I fylgje det Larsen skriv her, kunne det kanskje vore rett å tenke at eg skulle brukt kvantitativ metode, fordi eg først og fremst spør etter meining. I neste avsnitt seier ho at vi også må vurdere kva som er føremålet med undersøkinga: «Hvis vi ønsker å utvikle helhetsforståelse, er kvalitative metoder best egnet. Ønsker vi derimot å få en representativ oversikt, bør vi bruke kvantitative metoder» (Larsen, 2007, s. 23). Føremålet mitt er å gå i djupna og få ei heilskapleg forståing. Eg tenkjer også at sjølv om eg spør etter meiningar, vil svara truleg også avdekke haldningar. I denne oppgåva har eg ikkje som mål å generalisere, men å finne ut kva meiningar og haldningar som finnes ute blant folk, for å sjå om det finnes noko grunnlag for å jobbe vidare med historie, kultur og forteljing som mogleg marknadsføringsstrategi for dei norske hesterasane.

6.2 Kvalitativ spørjeundersøking

For å samle inn data til oppgåva mi, ville eg bruke kvalitativ metode. Årsaka til dette er at eg hadde lyst til å få tak i folk sine tankar og meiningar om temaet. Eg har skrive nokså mange oppgåver før der eg har brukt intervju, eller intervju i kombinasjon med observasjon, som metode. Eg synes personleg at intervju er ein svært god måte å få tak i folk sine meiningar på, men eg såg det likevel som litt utfordrande å gjennomføre intervju i samband med den oppgåva her. For det eine kom eg ikkje på spesielt mange personar som i dag brukar element frå bygd, kultur og historie i marknadsføringa av norsk hest, eller har dette som fokusområde i sin satsing på rasane. Som nemnt er dei i gong med noko i Nord-Norge, men eg er usikker på kor langt dei er komne enno. For det andre synes eg intervju bør gå føre seg i informantane sine naturlege miljø, og det var uråd å få til for meg denne våren. Eg hadde rett og slett ikkje høve til å reise til Nord-Norge eller til Austlandet for å snakke med folk. «Enkelte metoder er mer ressurskrevende enn andre», sier Larsen (2007, s. 23), og skriv at ein også må ta omsyn til tid og pengar når ein vurderer kva slags metode ein skal bruke.

Egentleg vart planen min difor å gjennomføre aksjonsforsking. Eg ynskte å samle folk til eit møte, og prøve å ta i bruk nokre av dei metodane vi har lært om på HLB. Eg ville bruke dialog/dugnadsmetode (jamfør Lønning, 2014, Amdam, 2011, Lønning, 2011, Lønning, 2014) for å setje i gang nyskapande prosessar, og å prøve å få folk til å tenke i andre banar. Det viste seg derimot at det var vanskeleg å samle folk til noko møte på denne tida av året. April/mai er ein travel tid for mange, der mykje står på programmet. Eg har ikkje slått frå meg ideen om møte, men det får bli på eit seinare tidspunkt, og ikkje i samband med denne oppgåva. Truleg kan eg nytte det eg kjem fram til i denne teksten som bakgrunnsmateriale for seinare arbeid med temaet. Det er litt av poenget, sett frå mi side. Eg tenkjer at dette Bachelorprosjektet eignar seg godt å bygge vidare på når det gjeld å utvikle engasjement og marknadsføring av dei norske hestane knytt til bygda og lokal kultur og tradisjon.

Til slutt enda eg opp med ein metode som eg tenkte kunne vere mogleg å gjennomføre, samtidig som eg ville få data frå informantar over heile landet. Eg laga ei spørjeundersøking med 10 spørsmål,

og oppmoda medlemar av Facebook-gruppene for norsk hest⁸ om å svare på desse. Svara kunne dei sende til meg på e-post eller via privat melding på Facebook. Sidan gruppene har eit breitt spekter av medlemar, kunne eg rekne med å få svar frå folk i ulike aldersgrupper, med ulik erfaring, bakgrunn og kunnskap, og frå ulike landsdelar. Denscombe (1998) skriv at viss ei spørjeundersøking er kvantitativ, bør utvalet av informantar vere minst 30. For kvalitative undersøkingar gjeld ein annan logikk (Denscombe, 1998, s. 52). Målet med undersøkinga var først og fremst å få fram meininger om temaet, og kva folk tenkte at var/er viktig når det gjeld norsk hest. Vidare ynskte eg å fokusere på hesten, kulturen, historia og bygda. Er dette noko folk er opptekne av? Finst det meininger om korleis ein kan jobbe med det, eller idear ein kan spinne vidare på?

6.3 Validitet, reliabilitet og generalisering

6.3.1 Reliabilitet

Reliabilitet handlar om kritiske vurderingar av prosjektet, og om det gir inntrykk av å vere gjennomført på ei tillitvekkande og påliteleg måte, skriv Thagaard (2013, s. 201). Kort og greitt handlar omgrepet altså om truverdigheit, og om kor vidt ein annan forskar ville ha komme fram til det same resultatet ved å bruke dei same metodane (Thagaard, 2013, s. 202). Når det gjeld mi oppgåve, så tenkjer eg at ein annan forskar truleg ville fått om lag dei same skriftlege svara på spørjeundersøkinga som det eg fekk. Sidan undersøkinga mi var skriftleg, verka ikkje direkte relasjonar, nærliek eller kroppsspråk inn på kva informantane svara. Likevel kan det tenkast at svara vart påverka av det personane som fylte ut skjemaet veit om meg frå før av, det skal ein ikkje sjå heilt vakk frå. Eg skriv mykje på sosiale medium om norsk hest, og har også skrive ein del artiklar i blad og liknande. Mange menneske veit nok heilt eller delvis kva meininger eg har og frontar, og dette *kan* ha verka inn på kva dei har svara.

Likeeins er tankar, idear og verdiar knytt til norsk hest i stadig endring, slik eg har vore inne på i teoridelen av oppgåva mi. Det betyr at om den same undersøkinga vart utført på nytt av ein annan forskar (eller av meg sjølv for den del), berre nokre månader, eit år eller to etter denne, ville truleg svara blitt noko annleis. Menneska lærar stadig noko nytt, dei gjer seg nye erfaringar, reflekterer og endrar syn på ting. Hendingar, nye plandokument, samfunnsendringar og mykje anna verkar også inn på folk sitt syn, slik at svara dei gir i framtida eller i fortida ikkje er like svara dei gjev i dag.

6.3.2 Validitet

Til sist når det gjeld reliabilitet, må eg nemne at eg og ein annan forskar truleg ville tolka datamaterialet (altså dei skriftlege svara på spørsmåla) noko ulikt. Då er vi også kommen inn på den neste vurderinga, nemleg spørsmålet om *validitet*. Dette omgrepet er knytt til tolking av data, og om

⁸ Gruppene heiter «Norsk Fjordhest», «Dølahesten», «Nordlandshest/lynghest» og «Veikle Balder – Foreningen for alle kaldbloodsentusiaster»

kor gyldige dei tolkingane forskaren har komme fram til eigentleg er (Thagaard, 2013, s. 204). Det er viktig å prøve å vere objektiv når ein studerer og tolkar skriftlege data, men ein skal vere klar over at dette er heilt umogleg. Ein forskar vil alltid vere delvis subjektiv, ved at han eller ho har med seg si eiga forforståing inn i prosjektet. Derimot kan ein styrke validiteten ved å la forskinga vere *gjennomsiktig*. Dette tyder at ein gjer greie for grunnlaget for fortolkingar, ved å forklare korleis analysen gir grunnlag for dei konklusjonane ein kjem fram til (Silverman, 2011, ref. i Thagaard, 2013, s. 205). Å presentere kvalitative data i direkte sitat, slik ein har fått dei frå informanten, for så å forklare korleis ein har forstått og tolka dei, gir auka validitet. Dette prøver eg å gjere i denne oppgåva, ved å gjere greie for svara eg har fått i empiridelen. Deretter drøftar eg funna opp mot teorien, og forsøker å forklare korleis eg har tolka og forstått dei. Eg har bevisst vald å presentere data direkte, slik eg har fått dei. For det eine trur eg det vil føre til meir valide data, og for det andre synes eg svara eg har fått er svært interessante, og at det difor er viktig å presentere dei akkurat slik eg har fått dei. Når ein tolkar vil det alltid vere moglegheit for feil. Larsen (2007, s. 105) peikar på feilkjelder som at spørsmålsformuleringa kan ha effekt på svara, og at tidlegare spørsmål kan verke inn på seinare spørsmål. Det er viktig å vere klar over dette.

6.3.3 Generalisering

Generalisering handlar om kor vidt resultata du får er noko du kan bruke til å hevde at «slik er det», og overføre det til ein større gruppe, eller om det er resultat som berre gjeld akkurat dette konkrete tilfellet? Kan eg seie at resultata mine er noko som kan brukast til noko, eller ville eg fått heilt andre resultat om eg spurde 28 andre personar dei same spørsmåla? «I dagliglivet generaliserer vi meir eller mindre spontant. Ut fra vår erfaring med en situasjon eller en person forutser vi nye hendelser. Vi danner oss forventninger om det som kommer til å skje i andre situasjoner eller med liknende personer», hevdar Kvale og Brinkmann (2009, s. 265). Kvale og Brinkmann (2009, s. 265) refererer vidare til Stake (2005), som skil mellom ulike formar for kvalitative kasusstudier. Eg tenker at tilfellet mitt kjem innunder det som vert kalla «instrumentelle kasusstudium». Dette er undersøkingar som går ut på å få innsikt i meir generelle spørsmål.

Sidan eg ikkje tel eller brukar nokon form for statistikk, er det ikkje lett å generalisere. Likevel er utvalet såpass stort (28 informantar) at eg tenkjer at det som kjem fram av meininger frå desse, truleg i alle fall til ein viss grad er representativt for dei meiningane som finst ute blant «hestefolk» i miljøa kring dei norske rasane. Likevel har eg til dømes fått såpass få svar frå menneske som driv med kaldblodstråvar at eg tenkjer at viss eg gjekk ut og spurde berre folk i det miljøet, kan det hende det ville vore eit nokså stort avvik frå dei svara eg har fått her. På same måte ville ein truleg fått andre typar respons om ein til dømes berre spurde kvinner under 25 år, berre folk frå Nord-Norge, eller berre dei som nytta hestane sine til bestemte føremål.

6.4 Etiske vurderingar

Då eg la ut spørjeundersøkinga mi på nett, skreiv eg at alle informantar ville bli haldne anonyme i oppgåva mi. Dette er viktig når ein gjennomfører eit slikt prosjekt, og gjer at folk kan uttale seg meir fritt. Informantane skulle ikkje skrive namn på svarskjemaet, eg ynskte berre å vite kjønn, alder, og kva slags hesterase dei heldt på med eller eigde. Sidan eg fekk informasjonen tilsendt på e-post, kunne eg naturlegvis sjå kven som hadde sendt kva, med mindre det vart sendt frå anonyme e-postkontoar. Sjølv såg eg ikkje på dette som eit problem, i og med at alle har moglegheit til å lage seg kontoar utan namn, om det er viktig for dei å vere heilt anonyme. Eg spurde heller ikkje om sensitiv informasjon av noko slag, og heller ikkje personopplysningar utanom kjønn og alder. Elles var det heilt frivillig å delta i studien. Det er viktig å opplyse informantane om at pseudonymar brukast i oppgåva, og ikkje reelle namn (Postholm, 2010, s. 145, Nilssen, 2012, s. 150). Når eg har skrive empiri- og drøftingskapitla, har eg brukt kjønn og alder som kjelde til sitata. Grunnen til dette var at eg tenkjer at det kan vere litt interessant å sjå om meiningane er svært ulike hos informantar i ulike aldersgrupper, men eg har ikkje gjort dette til noko særskild poeng i oppgåva.

For min eigen del tok eg det valet at eg *ikkje* ynskte å vite kven som har skrive kva, sidan det lett kan påverke tolkinga. Dei fleste av svara eg har fått, kjem frå menneske eg ikkje kjenner eller veit noko om frå før av. Nokre få kjem derimot frå folk eg kjenner, eller frå slike eg veit kven er frå sosiale medium, møte, utstillingar, samlingar med hest eller liknande. Eg lasta difor kvart spørjeskjema ned i eit Word-dokument når eg fekk deg tilsendt, og merka dei med eit nummer, frå 1 og oppover. Ingen av svara vart lesne før eg hadde såpass mange på harddisken at det var uråd å vite kven som hadde sendt kva. Rett nok kan einskilde personar kjennast att gjennom det dei skriv og fortel, men slik vil det nesten alltid vere. Det å nytte stor grad av direkte sitat var også noko eg gjorde for å sikre at eventuell kjennskap til informantane ikkje skulle påverke det eg hevda at dei skreiv.

6.5 Utval

I og med at eg la ut spørjeskjemaet offentleg, gjorde eg ikkje noko strategisk utval av informantar, anna enn at eg vende meg til folk med interesse for norsk hest. Eg har likevel tenkt i ettertid at det sikkert ville vore interessant om ein hadde sendt ein førespurnad direkte til for eksempel medlemar i styra i raseorganisasjonane, for å få vite kva dei som sit og «styrer skuta» meiner for noko. Det er derimot langt frå sikkert at alle ville svara, for det informantane mine truleg har til felles, er at dei trivast med å uttrykke seg skriftleg. Sidan ikkje alle menneske gjer det, går ein truleg glipp av ein del interessant informasjon. Dette var også noko av grunnen til at eg i utgangspunktet ynskte å halde eit møte, då ville eg også fått høyre meiningane til dei som ikkje er så glade i å skrive. Eg har også tenkt på at det kunne vore veldig spennande å ta med seg spørsmåla ut på til dømes ei hesteutstilling, og la

eldre folk i miljøet få svare munnleg på dei. Eller kva med «mannen i gata», dei som ikkje har nokon spesiell interesse eller kunnskap om hest, kva ville dei svare? Ein hadde truleg fått nye vinklingar på norsk hest og marknadsføring om ein hadde spurt ungdom i ein skuleklasse, tilfeldige menneske på butikken, eller liknande om kva dei meinte var viktig. Eg tenkjer at dette er noko ein kan og bør gjere seinare, og som vil vere nyttig for eit meir heilskapleg bilet.

7.0 Empiri

7.1 Kven er informantane?

Det har vore utruleg interessant å lese gjennom svara eg fekk på spørjeskjemaet eg sende ut. Til saman fekk eg 28 svar. Eg har fått flest tilsendt flest skjema frå folk som driv med n/l-hest, deretter følgjar fjordhest, dølahest og kaldblodstråvar. Nokre av informantane har, eller har interesse for fleire rasar. Heldigvis fekk eg svar frå personar som driv med alle dei norske rasane, og det har stor breidde i alder på dei som svara, frå folk i 20-åra til fleire stykke på mellom 50 og 70 år.

Størsteparten av informantane var kvinner. Eg oppdaga også at det er stort spenn i kva dei som sende inn svarsjkema driv med når det gjeld hest. Her er både avlarar og oppdrettarar, folk som driv med trening av unghest, utstilling og konkurranse. Nokre nyttar hesten til tur, hobby, kløving, arbeidskøyring, tråv, køyring, arbeid, eller helt andre ting. Det er altså ikkje nokon einsarta brukargruppe eg har treft med skjemaet mitt, og det synes eg er veldig fint å sjå.

Når eg arbeidde med datamaterialet, valde eg denne gong å ikkje skrive noko om utfordringane informantane tenkte at fanst for dei norske rasane. Grunnen til dette er at eg først og fremst hadde lyst til å fokusere på det som er positivt. Eg har dermed valt å sjå på kvifor respondentane valde norsk rase, kva som er fortrinna med hesterasane våre, kva dei tenker at skal til for at andre skal velje norsk, og kva dei meiner må til for å få folk til å brenne for og bli engasjert i rasane. Elles har eg sjølv sagt sett på dei svara som handla om historie, forteljingar og kultur. Er dette noko hestefolk er interesserte i? Tenkjer dei at det kan brukast på nokon måte i marknadsføringa? Eg har elles valt å legge størst vekt på dei avsnitta som omhandlar historie, kultur og «brennande engasjement», fordi dette er mest relevant i høve problemstillinga.

7.2 Val av norsk rase – Kvifor?

Sidan eg tidlegare i vår gjorde ei lita undersøking på kvifor folk har valt norske hesterasar, vart eg ikkje spesielt overraska over kva hestefolket svara når det gjaldt årsaka til at dei har skaffa seg den rasen dei har. Veldig mange svara at dei hadde vakse opp med den typen hest, eller at det var den rasen alle hadde i det området der dei bur: «Er frå (...), hvor «alle» har fjordhest, så det kom veldig naturlig», skriv kvinne (22). «Fjordhest er den vanlegaste rasen der eg bur, og vaks opp med fjordhest på nabogarden», fortel kvinne (21). «Arv. Oldefar dreiv skysstasjon, farfar var travtrenar, far er

æresmedlem i DNT», seier kvinne (59). Kvinne (38) skriv: «Eg er oppvaksen i (...), og lærte å ri på fjordhest», medan mann (67) fortel at «Eg er fødd og oppvaksen med hest, og då særleg fjordhest. Det har vore eit sterkt fjordhestmiljø i bygda». «Jeg gikk på lokal rideskole, hvor eier hovedsaklig hadde N/L», skriv kvinne (47). «Jeg vokste opp i en tid da det fantes hest på de fleste gårdene. Noen av dem var N/L», svarar kvinne (66). Dette var berre nokre av dei mange svara eg fekk som fortalte meg dette.

Nokre av informantane skriv om gode minne frå barndom og ungdom med særskilde hestar. Fleire har gått på rideskule, folkehøgskule eller landbrukskule, og fortel om hestar og hestemiljø der som gjorde at dei vart kjend med individ av «sin» rase: «Er oppvoksen i nærheten av Nord-Norsk Hestesenter, og begynte å ri der når eg var 6 år gammel. På grunn av deres andel av NL i rideskolen, og NL i nærmiljøet, var det naturlig at eg skulle kjøpe NL når eg skulle ha hest», fortel kvinne (21). «Det var nok min og min søsters bestefar som ville at vi skulle ha norsk hest den gang vi fikk hest første gang for over 25 år siden», seier kvinne (30). «Gode opplevelser med n/l da jeg var barn», skriv kvinne (36), medan kvinne (27) svarar at: «Eg har ridd en del på fjordinger på rideskole da eg var liten som eg likte godt. Men øyeåpneren kom da eg gikk på Folkehøgskule».

Når det gjeld brukseigenskapar og lynne, har nokre få svara at dette hadde betydning for val av rase, men ingen har lagt vekt på sportsbruk. «Det startet med at eg trengte en rolig hest å ri etter mange års ridepause», fortel kvinne (48). «Er utdannet ridefysioterapeut og trengte egen/egne hest(er). Ble anbefalt rasen av en erfaren dommer og veterinær, og kjøpte min første nl-hest i 1983», svarar kvinne (58). Kvinne (50) fortel at ho «ønsket 2 hester til tur, fant da at lynghestene passet vårt formål. Vurdere også islandshest, men valgte norsk». «Grunna godt lynne, at hesten kunne brukast til alt og har ein passeleg størrelse, skriv kvinne (24). «Dølahesten sjarmerte meg i senk. Behagelig vesen og fine gangarter», fortel kvinne (28). Kvinne (25) skriv at ho «fikk dølahest som tenåring. Valget falt på dølahest pga. lynne og bruk i fjell og terreng». «Eg skulle ha en hobbyhest til meg og min datter, som da var 11 år, og forelsket meg i hesten min», seier kvinne (51), medan kvinne (52) svarar at valet av hest kom av «anvendeligheten som allsidig familiehest».

Eit par av informantane skriv at norsk hest vart valt tilfeldig, nokre har lagt vekt på passande storleik, eller at dei skulle kjøpe unghest, og valde ein rase som var kjend for godt lynne. Ei kvinne skriv at fargerikdomen hos n/l-hesten (sølvgenet) også hadde betydning for raseval. Allsidigkeit, og at hesten kan brukast til alt, er også nemnt som medverkande årsaker til raseval. Elles er det, i høve mi problemstilling, interessant å sjå at fleire av dei som har svara, legg vekt på hesten sin historiske og kulturelle betydning: «Ble helt fascinert av rasens kvaliteter, historie og ønske om å bevare rasen», fortel kvinne (58). «Hovedgrunnen er at jeg ønsker å bidra med noe viktig gjennom gården vi bor på,

og lynghesten spesielt er en allsidig og flott hest som fleire bør få øynene opp for», skriv kvinne (41). Kvinne (36) fortel at «jeg ivrer for å ta vare på de norske rasene generelt (alle gårdsdyr). «Lokal kulturhistorisk opprinnelse og tilhørighet, patriotisme», skriv kvinne (46), medan kvinne (36) legg vekt på at «lynghesten er lokal, og har absolutt alle de kvalitetene jeg ser etter i en hest».

«Er opptatt av å ta vare på sjeldne raser», fortel kvinne (48), medan kvinne (27) skriv: «Jeg ble rett og slett opptatt av tanken om å bruke egen nasjonal rase som gir meg mulighet til å gjøre så mye. «I familien vår dreiv fleire med hest, og det gjorde at ein fekk kunnskap og lyst til å drive med hesten», fortel mann (67). Det er svært interessant å lese desse svara. Informantane brukar hestane sine til mykje ulikt, men det ser likevel ikkje ut for at bruksområde har vore avgjerande for raseval.

7.3 Fortrinna med rasane våre

Når det gjeld kva som er fortrinna til dei norske rasane, nemner fleire allsidigkeit. «Ein bør ikkje prøve å spesialisere avlen, men heller dyrke det allsidige», skriv mann (67). Lynnet og tilpassing til norsk klima og natur vert peika på som andre fortrinn, samt at hestane er trygge, vennlege og stødige. Dei tåler ein kviledag utan å bli for spreke. Dei er «hardføre, robuste og kalde i hovudet», skriv kvinne (21). At dei er lettfôra, hardføre og tåler kulde vert også trekt fram, samt at dei lærer fort og har god arbeidsmoral. «NL er en lettfødd, snill og avbalansert hest som normalt ikke lager bry. Den er billig å holde, og kan brukes av alle, både barn og vaksne, og til absolutt alt», fortel kvinne (66). Brukarvenlegheit er det mange som legg vekt på, og gir døme på at den same hesten kan gå dressur, sprang eller distanseritt, for så og gå heim og dra inn høyet, eller at den kan springe eit galoppløp, for etterpå å rusle ein tur med eit lite barn.

«God i terren og kan bære tungt», fortel kvinne (50) om n/l-hesten. Nokre av informantane peikar på at hestane er pene og vakre å sjå på. «Fjordhesten er den beste kameraten du kan få», skriv kvinne (51). At hestane er gode familiehestar, har få helseproblem, og er enkle å halde, vert også veklagt, samt at det er hestar som er billege i drift. Ein av informantane har svara at ho ikkje trur dei norske rasane har spesielle fortrinn, medan ei anna har samanlikna dølahest, fjordhest og n/l-hest, og skriv at n/l-hesten kan vere ein fin barneponni, medan fjordhesten egnar seg til sprang og dressur. Dølen er ein god køyrehest, og allsidig. Dei norske rasane har fortrinn «særlig innenfor kjøring, men innenfor ridning så synes eg ikke de har noen fordeler», skriv kvinne (22).

«Har vært borti mye rart av hest, men ingen kan måle seg med de gode norske», skriv kvinne (58). To av informantane legg vekt på at kultur og historie kan vere fortrinn for rasane våre: «En levende del av norsk kulturhistorie», skriv kvinne (46). «Ivaretaking av kulturhistorie», fortel kvinne (32). Oppsummeringa av positive trekk ved dei norske rasane let eg kvinne (27) stå for: «Det er den berømte poteten – den kan brukes til alt. For den jevne hobbyrytter som meg selv vil eg heller ha det

enn en som er klassifisert som enten sprang eller dressurhest. Det blir veldig kjedlig i mine øyne. Problemet er kanskje at folk ikke vet kva denne rasen er i stand til før de blir introdusert for den, inkludert meg selv. Utfordringen er formidlingen av rasen, det er så utrolig viktig».

7.4 Kvifor meiner informantane at andre skal velje norsk?

Sidan eg spurde kvifor folk valde norsk rase sjølv, var eg naturleg nok også interessert i kva informantane meiner skal til for at andre menneske skal velje denne typen hest. Ville dei legge vekt på det same som prosjektrapportar og ulike plandokument, eller kom det nokon nye tankar og innspel her? Ville dei setje dette spørsmålet i samanheng med kvifor dei sjølv ein gong valde å satse på norsk hest? Som forventa fann eg att mykje av det eg har lese tidlegare i ulike rapportar. Marknadsføring og det å utdanne og trenere hestane betre vart trekt fram av mange.

«Hestene må utdannes! Det må være sammenheng i kva de som bruker dyrene vil ha og avl», skriv kvinne (33). «Godt utdanna hestar, gjerne allsidig», hevdar kvinne (21). Det er fleire som peikar på dette. Trena hestar som går konkurransar ser tydelegvis ut til å vere noko mange har tru på at sel. «Eg tror vi må bli flinkere til å promotere fjordhesten som sportshest. De fleste vet at den passer til arbeid og terapiridning», skriv kvinne (25). «De må se at fjordhesten kan hevde seg i konkurranser mot andre raser. Og gjerne på eit høyere nivå enn «rideskole-nivå», fortel kvinne (22).

Betre informasjon om rasane og deltaking i aktive og opne miljø var også noko det vart peika på, samt god promotering ved sal. «Folk må få vite at denne rasen eksisterer, og lære mer om hvor allsidig og flott den er», skriv n/l-eigar (kvinne 66). Det at hesten har godt lynne vert ikkje peika på av mange, men vert så vidt nemnt av eit par stykke. Elles er det fleire som skriv at rideskulene i større grad bør ta i bruk dei norske rasane: «Rideskoler må også tørre å satse på de norske rasene», skriv kvinne (36). «Dessutan må de ansatte på ridesentrene rundt om i landet slutte å innprente jenter og deres foreldre at dersom de skal komme noen vei med ridningen må de ha en annen hesterase», hevdar kvinne (51). Eit par av informantane nemnar oppleving: «Se og oppleve hvor flotte, stødige og allsidige de norske hesterasene er», skriv kvinne (41). «Gjerne la folk få prøve under hestearrangement og lignende», er oppmodinga frå kvinne (24). Å marknadsføre hesten innafor turisme var også ein faktor som vart nemnt. «At flere får øynene opp for kvalitetene», skriv kvinne (58).

Ein av informantane (kvinne 46) nemnar *kunnskap* som ein viktig faktor. «Kunnskap, både om historie, kultur og tilhørighet. Kunnskap om bruksegenskaper i alle de tradisjonelle sports- og fritidsaktivitetar. Kunnskap om allsidigheten og lynnet. Kunnskap om deltagelse i nasjonalt bevaringsarbeid, ved å velje norsk». Å nå ut til andre enn raseentusiastane vert også nemnt. «Vi må vise kva hesten kan brukast til, og det må vi gjere til ulike brukargrupper. Vi må misjonere for hesten

vår der det finst brukarar og kjøparar. Det gjer vi ikkje på bønemøte i ei menighet der dei frammøtte er frelst frå før. Eg tenkjer då på NM og utstillingar», skriv mann (67). Han held fram med at vi må møte barn og unge, som vi møter i barnehagar, på skuler, i fritidsklubbar og på sommaraktivitetar. «Kvífor ikkje skape noko sjølv?», spør han. Vidare hevdar også mann (67) at vi må finne fram til brukargrupper som sit godt i det, til dømes «den aldersgruppa der borna er «flogne ut av reiret» og som er på leit etter sjølvrealisering». Ulike formar for opplevingar som fjellritt og kanefart vert nemnt, samt det å ha hest til fritidsbruk.

Også kvinne (38) har interessante tankar om korleis vi kan få fleire menneske til å velje norsk rase. «Lag fleire events, kurs og konkurransar med fokus på fjordhesten, gjerne for yngre hestefolk. Samarbeid med andre raseorganisasjonar og andre organisasjonar, kanskje nokre av dei store, som Speider'n, 4H, Bondelaget osv.». «Hestene må bli presentert der folk møter hest, på rideleirer, turstaller etc.», skriv kvinne (36). Kvinne (52) er oppteken av at vi må reklamere for det hestane er gode på. «Innse at de norske ikke kan konkurrere med alle raser i en hvilken som helst sport eller aktivitet, og jobb ut frå det», skriv ho. Også kvinne (30) er tydleg på at det er viktig å snakke om det hestane er gode til: «For meg så reklamerer jeg for rasen min (dølahest) ved å snakke om deres stødige framferd og det at man kan bruke dem til det meste. Vil folk ha rolige hester, prøve seg i skogen og i oppdragskjøring er alle de norske rasene noe å satse på», hevdar ho.

Kvinne (48) saknar turveger og turstiar der det går an og er lov til å ri, og peikar på betre turmoglegheiter kanskje kan få fleire til å velje norsk: «I stallen der vi har hest oppstallet er det forbudt å ri nesten overalt, og dermed rir 90% i ridehuset eller på ridebanen ute, og aldri på tur. En kjøper ikke en fjordhest for å ri bare dressur og sprang». Til sist nemnar kvinne (38) at det er viktig å vere stolt av hesten og skryte av den. Å legge ut skrytebilete på sosiale medium er lurt. Kvinne (59) som driv med tråvhest, svarar at «dei må verte meir glade i hesten, ikkje berre spillet».

7.5 Historie, kultur og forteljing – Har det noko føre seg?

Eg rekna ikkje med å få så veldig mange svar som støtta oppunder problemstillinga mi utan å spørje nokså direkte om det, sidan dette er ein måte å tenke på som eg mest har komme på sjølv, og funne fram til ut frå kjennskap til den teorien eg har vist til tidlegare i oppgåva. På spørjeskjemaet laga eg difor spørsmål om informantane si interesse for kultur og historie knytt til norsk hest, og om dei tenkte at historie, kultur og forteljingar kunne brukast i marknadsføringa. Det viser seg at dei aller fleste har tankar om dette når dei vert spurde, og i denne delen av empiri-bolken fekk eg nok dei svara som for meg var aller mest relevante i høve problemstillinga mi.

«Fjordhesten (og de andre norske rasene) har faktisk vært med på å bygge opp landet vårt, og jeg synes det er spennende å lese om kva som ble gjort for å avle den fram, om de kjente hingstene, om

hestedriftene frå Vestlandet til Østlandet som bidro til å spreie fjordhesten rundt i landet osv.», skriv kvinne (51). At fjordhesten må haldast fram som noko genuint norsk er viktig, fortset ho. «Jeg vil bidra selv med avl, og historie er alltid fascinerende. Jeg har forferdre som har hatt fjordhest på gard, så det er en tilknytning der også. Det er spennende å lese om stammer», fortel kvinne (27). Ho skriv vidare at kultur, historie og forteljing kan brukast «for å skape en stemning i marknadsføringen. Kombinasjon av et godt bilde/film. Eg savner en dokumentarfilm om de norske hesterasene, det hadde vært kjempeinteressant! «Fjordkraft» er ok, men ikke noe verbal formidling. Bøker er nok for de som allerede er interessert i rasen».

Kvinne (58) fortel at ho er svært interessert i historia til dei norske hesterasane, og n/l-hesten spesielt. «Det er derfor eg har samlet så masse informasjon om rasen. Materialet ble samlet i permer, ca. 35 til sammen, og et stort bildemateriale. Stoffet ble samlet frå biblioteker, gjennom kontakter, presse-samling og mye mer», skriv ho, og hevdar vidare at «De norske hestene – og andre inhemske husdyr – burde vært representert på utendørs museer over hele landet, bli brukt i kulturelle tilstelninger osv. På rideskoler burde man ha mange fleire norske hester – ikke en drøss med billige, papirløse blandingsdyr man får for en slikk og ingenting». Til sist legg ho til at «Hvorfor skal alle skaffe seg bunad, men ikke norsk hest? Det burde komme en trend om at «kortreist hest» er like populært som kortreist mat. Det er jo en trend i emning, og den må også omfatte kultur og dyreraser».

«Jeg liker mye av de norske rasenes historie. Eg har hørt noe siden farsslektta mi kommer frå gard som ble drevet med hester», skriv kvinne (29). Interesse for historie og kultur er «noe av hovedgrunnen til at vi bruker hestene i kløv under reinsjakta etc. For å kunne ta vare på gamle tradisjoner, og nyttegjøre bruken av hest igjen», fortel kvinne (25). Når det gjeld spørsmålet om kor vidt historie kan nyttast i marknadsføring, skriv ho at det kjem an på målgruppa: «Det begynner å bli flere og fleire som er interessert i kjøring og å gjøre ting på gammelmanns måten igjen, så sånn sett vil kultur, historie og fortelinger være viktig. Samtidig, viss en skal satse på å gjøre dølen meir «folkevennlig» for et bredere publikum, må den ut og vise seg i dressur og konkurransekjøring – usikker på om kultur, historie og fortelinger gagner hesten da».

Historie kan brukast i marknadsføringa «uten tvil», skriv kvinne (41). Ho fortel at ho er særslig interessert i dette, og at det er difor ho satsar på dei norske rasane på garden sin. «Det finnes nesten ikke begrensninger på hvordan en kan markedsføre. Sjølv lager jeg en hestehåndbok, hvor eg bruker hester som er av rasen nordlandshest/lyngshest», skriv ho. «Historien er det som gjør oss til de menneskene vi er i dag», skriv kvinne (36). Ho hevdar vidare at marknadsføringa må rettast mot barn og unge: «Blandingen av kontakt med dyr og historie er en fantastisk måte å lære barn om dette på.

Sosiale medier må brukes aktivt. Alle barn i Norge bør ha et forhold til de norske hesterasene og den historiske betydningen de har hatt i landbruket. Dette må være pensum i skolen». Ho legg også vekt på den haldningsendringa som er i ferd med å skje i samfunnet: «Tilbake til røttene, kortreist mat, norsk bondekost.... Hesten er en del av det idylliske bildet som gjerne byfolk har av hvordan det er å bo på landet. Dette må vi utnytte!»

Interesse for kultur og historie «var avgjørende for vårt val av lyngshest. Bor nordpå, synes det var moro med lynghesten», skriv kvinne (50). Kvinne (21) fortel at vi har ei historie rundt desse hestane i Norge: «Historien er det som gjør rasene «eksotiske», spesielt for utlandet». «Rasen (n/l) er ein kulturhistorisk skatt», skriv kvinne (66), og fortset: Den er «en levende levning av de gamle hestene som fantes i Norge helt tilbake til vikingtida. Jeg er også med og skriver bok om rasen. Ved å bruke opprinnelsen, vikinghesten, kan man markedsføre den som den er, en levende norsk kulturskatt, som også kan tas med inn i framtida». Kvinne (21) fortel at hesten er «ein viktig del av historia vår, særleg i landbruket. Det er utruleg å tenke på kor godt temde, trygge og uthaldande arbeidshestane var før i tida. Kanskje vi er for snille med hestane våre i dag – kanskje burde dei få tilbake rolla som arbeidhest? Meir kunnskap om at arbeid med hest kan utførast også i dag, trur eg vil gi meir interesse, hestar som blir allsidig brukt, og ein får vidareført tradisjonen til dei norske hesterasane».

Også kvinne (30) er oppteken av arbeidshesten: «Jeg synes det er veldig spennende med historie generelt. Jeg har vært lasskjører til Røros i sju år, så dette kan eg nok si har blitt en livsstil. Hestens rolle der oppe på fjellet og i gruvene er viktig for kommende generasjoner å ha kunnskap om. Nå var det vel ikke mest dølahest som ble brukt i gruvene, men mange dølahestar gikk nok med lass fra og til Bergstaden. Elles synes jeg det er viktig at min og fremtidens generasjoner ikke legger arbeidhesten i glemmeboka. Selv om traktoren er der, må vi fortsatt prøve å bruke hesten slik at denne tradisjonen ikke kommer bort». Ho fortel vidare at desse turane til Røros er god marknadsføring: «Veldig mange har et litt vel (!) romantisk blikk på lasskjørerturen, og drømmer om å være med. Mange fine bilder legges ut og mange drømmer om dette. Da må de skaffe seg hest, legge seg i hardtrening og en dag prøve å komme seg med på en slik tur slik at de får oppleve det. Det er ikke alltid disse turene er en dans på roser, men det er realiteten i historien både til hesten og menneskene som bringer tradisjonen videre».

«Jeg er absolutt interessert i kultur og historie», fortel kvinne (36): «Har «slukt» det eg kommer over av artikler og fortellinger om rasen fra jeg lærte å lese. Noe kommer av generell hesteinteresse, jeg ville lære «alt» om hester, noe er lokalpatriotisme, noe rett og slett nerden i meg. Det som er viktig for en ønsker man jo ofte å vite mer om». Ho er likevel ikkje sikker på om dette kan brukast i marknadsføringa: «Til en viss grad. Den jevne ponni rytter gir vel blaffen så lenge hesten hopper/går

dressur(gjør det rytteren ønsker. Men bør absolutt være et markedsføringsfortrinn i turistnæring og lignende». Kvinne (28) skriv at ho ikkje er spesielt interessert i historie og kultur, men at ho likar at det haldast treningar og konkurransar for dei særnorske rasane, og at miljøet oppretthaldast. Derimot skriv ho at denne typen marknadsføring i høgste grad kan vere aktuell: «JA! I turismen. Det er helt utrolig at ikke de norske rasene spiller en større rolle for turisme i Norge. Se bare på Island, der er en tur på islandshest et must, og det strømmer på med turister. Det burde være likt i Norge. De norske rasene er perfekte til skog- og fjellturer. Fjording til mor, n/l til barna og døl til far».

Kvinne (48) skriv at «Historien er viktig, og fjordhesten er et symbol for Norge. Rasen er spesiell med sin farge og ståman, og skiller seg fra andre hesteraser. Den er ekte norsk. De fleste småbruk i landet hadde en fjordhest, og mange mennesker husker den fra barndommen». Med tanke på at fjordhesten er eit symbol for Norge, og spesielt for Vestlandet, kan dette brukast til å marknadsføre rasen. «Det er viktig for meg å ivareta og bruke en hest med lokal opprinnelse», skriv kvinne (47), som også fortel at ein kan selje hesten gjennom gode historier og symbolikk. Kvinne (59) har samla både bilet og historier om kaldblodstråvarar, og laga ei eiga Facebook-gruppe der ho delar dette med andre. «Norsk Rikstoto, Det Norske Travselskap og Norsk Hestesenter må bruke hesten mykje meir i marknadsføring», skriv ho.

«Eg er interessert, men eg veit ikkje så mykje», skriv kvinne (38). Om marknadsføring fortel ho at «Ein måte er å gå aktivt ut mot arrangørar av middelalderfestivalar eller vikingmarked, som dukkar opp som paddehattar rundt omkring i Norge. Kanskje våre dagars middelalderfolk og vikingar kan tenke seg å få ein urhest med på laget?». «Eg har samla mykje av kulturen rundt hesten, både som reiskapssamling og også som skriftleg materiale. Ein må ha med seg historia for å ha med seg ballast», skriv mann (67). Vidare peikar han på at: «Kulturen kan vere med på å skape interesse for hest, om ikkje direkte, så indirekte. Det er nok ein grunn til at arbeidshestfolket opplever at det kjem mykje folk og ser på aktivitetar der ein viser fram hesten slik den vart brukt i tidlegare tider».

Kultur og historie er også interessant for kvinne (46). Ho skriv at: «Hesten og folket i nord deler felles skjebne og historie, gjennom manglende respekt og anerkjennelse, men derimot nedvurdert og lavt verdsatt i «han stat» gjennom århundrer». Eit anna trekk i historia ho dreg fram er at: «Den styrken våre forfedre verdsatte hos hesten, gjorde at de individer rasen bygger på i dag er gjennkjennbare fenotypisk, sunne, sterke og med et svært allsidig og bruksvennlig lynne». I marknadsførings-samanheng held ho fram filmen «Lykken er en lyngshest», som har blitt vist fleire gongar i fjernsynet (NRK): «Lykken er en lyngshest var en kulturhistorisk vekker for folket, også i Troms. Den medførte ny bevissthet, og en holdningsendring fra «uviktig og ubevisst», til «ja, vi vil bidra ved å velje lyngshest neste gang. Stolthet og eierskap til det nasjonale er viktig for utvikling av selvbildet».

Kvinne (25) skriv at ho er interessert i kulturen og historia knytt til fjordhesten: «Syns det er interessant å lese om hvordan hesteholdet har vært, bruksegenskapene til fjordingen og hvordan den har utviklet seg, men samtidig beholdt preg». Til trass for eiga interesse, verkar ho usikker på om dette kan brukast i marknadsføring: «Har inntrykk av at mange ikke er så interessert i historie og kultur. Men håper eg tar feil», skriv ho. Kvinne (52) verkar heller ikkje sikker på om denne type marknadsføring har noko føre seg: «Det kan være interessant for enkelte, men generelt tror eg ikke vi tjener noe på å markedsføre museumshester», skriv ho. Når det gjeld eiga interesse for emnet, skriv ho at den for så vidt er der, men ikkje avgjerande. «Synes det er artig å ta vare på det som faktisk har komme fram frå praktisk bruk og egnahet», fortel kvinne (32), som vidare skriv om marknadsføring at det til dels kan vere interessant, og for nokon veldig, til dømes i turistriding og reiseliv, «Men for unge satsande ponniryttarar er det kanskje ikkje det som appellerar mest».

Kvinne (22) skriv at ho absolutt er interessert i historie, utan å utdjupe noko meir. «Lurer på om ikke hesten var sentral i postlevering før i tiden? Det er jo litt spennande», legg ho til når det er snakk om idear for marknadsføring. Kvinne (24) skriv at ho er «sånn middels» interessert i historie, medan kvinne (37) svarar «Joda», men eller har ho «Fått nok av bunader og hest. Nytt publikum må fenges ved at de ser hestene i bruk i riding som dressur og sprang og kjøring med flotte ekvipasjer, men utan bunad.....». Til sist i denne bolken skriv kvinne (33) at ho har lese ein del historie knytt til hesten, men elles hevdar ho at det kanskje er «på tide å skape ny historie og tilpassa hesten til vår tid». Ho fortel vidare at marknadsføring ved hjelp av historie og kultur ikkje nødvendigvis kan brukast, men at det sjølvsagt gir eit særpreg: «Men de fleste vet jo noe om denne historien allerede, det finnes mange gode bøker, og i dag finner en det meste på internett. Skape ny historie med en hest som er med i tiden tror eg er viktigere».

7.6 Forteljingar

Eg ynskte å utfordre informantane litt på om dei kunne komme med døme på konkrete historier, forteljingar, plassar, hendingar, menneske eller liknande i si bygd eller lokalsamfunn, som på ein eller annan måte hadde ei historisk og kulturell tilknyting til hest. Her tenkjer eg at det finst ein stor jobb å gjere, når det gjeld å kartlegge interessante lokale ressursar som kanskje kan nyttast til noko. Dette trur eg gjerne best kan gjerast ved å skipe til idedugnadar og liknande, der menneske kan møtast og skape aktive prosessar i lag.

Fleire av informantane hadde tankar om emnet, medan andre kanskje ikkje hadde reflektert så mykje over det? «De siste lyngshestene som ble berget kom nettopp frå hjemområdet mitt, og området foreldrene mine vokste opp i», fortel kvinne (36), og held fram: «Jeg har slekt som var ivrige i gjenreisningsavlen. Eg hørte mange historier om hvor sterke og smarte lyngshestene var. Kommunevåpenet til mine besteforeldres hjemkommune er en steilende lynghest». Ho skriv vidare

at ho vaks opp i rideklubb som brukte fjording og lynghest i skuledrifta, og at ho også kjem frå same plassen som ein kjend oppdrettar av lynghest. «Jeg var så heldig å få leie småbruk hos en gammel oppdretter (rundt 80 år gammel), som fortalte mange spennende fortellinger om fjordhestene han hadde hatt og solgt. Om disse fortellingene er så spesielle for folk flest vet jeg ikke», skriv kvinne (25). Ho legg til eit par småhistorier ho har hørt frå denne mannen, som denne: «Han hadde en hingst etter eget oppdrett som han lekte mye med da hingsten var føll. Han hadde da lært hesten å legge frambeina over skuldrene hans, slik at de «klemte» hverandre. Hesten skjørnte ikke at han ble større, så han sluttet aldri med dette, og gjorde det gjerne med fremmede mennesker, som ble fullstendig vettskremte!»

Gamle ordtak og kloke ord om hest er også noko einskilde av informantane peikar på: «Må vel være frå faren min: Fjordhesten tåler alt utenom tåke/skumring, da vil den heim!», skriv kvinne (33).

Kvinne (37) svarar på spørsmålet om historier at: «Gjør det sikkert, gamle hingster på dølahestsida». «Ja, ja, ja», skriv kvinne (46), og viser til Elling Vatne si bok «Lynghesten», som er full av historie om hestane i nord. «Her eg bur no veit eg ikkje om noko slikt, men eg kjem frå Nordfjordeid opprinnelig, og der skulle det vere nok å ause av», skriv kvinne (38). «Opprinnelsen til lynghesten er myteomspunnet. Der fortelles ulike historier om folkeslag som har hatt med seg hester til området der jeg bor i. Det fortelles om en hest som var sterkere (fysisk) enn alle de andre», fortel kvinne (47).

«Det er nok mange historier som kommer her frå hvor eg bor også, men det er nok mest små historier frå den tiden hesten ble brukt i jordbruket og da hesten var viktig for bonden. Ingen store historiske hendelser som eg vet om», skriv kvinne (30). Kvinne (66) dreg fram nett ei av desse «småhistoriene», og fortel: «Min bestemor bodde ei mil frå byen, og da hun ofte var alene på gården siden bestefaren min var los, var det hennes jobb å kjøre melka til meieriet. Hun hadde ei lita «småhestmerr», som var framkomstmidddelet. En dag hadde hun lastet melkespannene på sleden, og gikk så inn for å skifte noe hun hadde sølt på, for det var beinkaldt ute, og turen til byen var lang. Da hun kom ut så hun hesten som en prikk langt ute på vannet. Den var på tur til byen med melka. Det hører med til historien at hesten dro sleden fram til meierirampen, ventet mens spannene ble tømt, og startet så hjem igjen, helt utan fører. Heim kom den i rett tid, og hadde med seg de tomme spannene».

«Jeg har nordlandshest i en kommune som har vært preget av dølahester, så ingen historier om n/l herfra dessverre. Antar det finnes mye nordpå», skriv kvinne (36). «Jeg er ny i bygda, så det vet jeg ikke», svarar kvinne (41). Kvinne (25) skriv: «Ja, vi har forteljingar om hester brukt i fjell, er kanskje mest ulykkene eller redningsaksjonene som det har gått gjetord om i ettertid. Hestene var også sluppet på beite hele sommeren, dvs. de trasket gatelangs i bygda, og gikk der som store ville flokker

– fine fortellinger om den gang. Også om krigsårene og hestens rolle da». «Ikkje som eg har hørt», svarar kvinne (29), men legg likevel til dette: «Har bare hørt en historie om at mørnsteret til Romeriksbunaden er funnet på et hesteteppe i bygda der eg vokste opp».

Eg skal komme nærmare inn på det i drøftingsdelen, men det kan verke som om ein del ikkje er sikre på om deira historier er «viktige nok». Nokon tenkjer kanskje veldig «stort» og «vanskeleg», og meiner gjerne at små forteljingar frå kvardagslivet er utan betydning. Andre fortel villeg vekk: «Min var er født på Bjarkøy, og farfar var distriktslege, som sannsynligvis brukte nl'ere som «doktorhest». Under krigen var han lege i Rissa og brukte en døl som het «Sokken». På spørsmål om kva slags hester som ble brukt i gruvene, har eg flere ganger fått høre at de var «små og sterke» - altså ikke en rase, men slike som var «norsk hest» i tidligere tider, før selekterende avlsarbeide kom i stand», skriv kvinne (58).

Mann (67) fortel om ein kar frå bygda si som vart rekna som ei legende blant fjordhestfolk: «Han skreiv frittalande, og var på ingen måte redd for autoritetar. Han skreiv så mykje sjølv at det er vanskeleg å gjere det oppatt. Elles har vi her i området det eldste fjordhestlaget i landet», skriv han. «Jeg møter stadig bønder som forteller om arbeidshestene de vokste opp med på gårdene, og kva de betydde for fedrene deres. Vi har også en tømmervei her i Modum, hvor eg kommer fra, hvor det ble kjørt utrolig mye tømmer med hest. Den gamle «Modumfilmen» viser denne tømmerkjøringen», skriv kvinne (51).

Nokre av informantane har ikkje svara på spørsmålet om dei kjenner til særskilde historier i det heile. Andre har skrive «veit ikkje», «ikkje som eg veit om eller kjenner til», eller liknande. Kvinne (28) skriv: «Bor i by, så lite av det her dessverre». Til sist er det ei som har svara: «Helt sikkert, men eg synes ikke det er avgjørende for valg av rase (er ikke historisk interessert nok)». Ut frå det eg har funne av svar på dette spørsmålet, ser det ut som om svært mange av informantane koplar «noko» dei har hørt til hesten og bygda, men ikkje alle.

3.7. Engasjement for rasane

Det er ein viss skilnad på dei nøkterne faktaopplysningane eg får når eg spør kva som skal til for at andre skal velje norsk hest, og når eg spør kva som må til for at fleire skal *brenne for* å ta vare på norske hesterasar. Når eg stillar det siste spørsmålet, er det gjerne meir kjensler inne i biletet? «Gjøre mer stas på de, gjøre det til noe man er stolt av. Aktiv bruk i sporten. Aktiv bruk i turisme tror eg er viktig, viss nordmenn får øynene opp for at resten av verden liker hestene våre, så kanskje det hjelper», skriv kvinne (28). «Jeg tror det ikke er noen som ønsker at de norske rasene skal forsvinne. Enn så lenge er det nok de engasjerte ildsjelene som bidrar mest. Igjen: God markedsføring kan endre synet til mange. Engasjement kommer av begeistring for rasen», fortel kvinne (27).

«Fjordhesten må rett og slett gjenoppdages som den perlen den er», skriv kvinne (51). «Se og oppleve dem, både visuelt og fysisk», seier kvinne (41).

I denne bolken finn eg mange svar som går på haldningar, kjensler og sansar: «Vi må bygge mer stolthet rundt våre flotte norske raser. Vi må slutte å tro/mene at våre egne raser er mindreverdige, og at det bare er utenlandske raser som er bra. Særlig gjelder dette overfor barn. Det er de som skal bli våre neste ryttere/hesteeiere, og som i dag lærer kva det lønner seg å satse på. Vi må få dem til å tro at n/l og de andre norske også kan», skriv kvinne (66). «Ja, kva skal man si? Kan bare si for egen del, at eg ble meget opptatt av n/l-hesten da jeg først ble kjent med den, og da burde man anta at også flere blir det, bare de får muligheten til det», er orda til kvinne (58). Kvinne (30) skriv at «folk må innse hvilke perler vi sitter på med de norske nasjonalrasene. De er unike hver for seg og sammen. Det er mange raser som er lik de i utlandet, men det er bare de norske hestene som er norske! Vi må ta vare på arven vår!».

«Dei må bli glade i hesten. Ponniskulane og travsporten er gode innfallsvinklar», skriv kvinne (59). Sjølv om fleire av svara her ser ut for å handle om kjærleik til hesten, kjensler, og det å bli kjent med den, finst det også ein del tankar her om at betre trenings og konkurransebruk kan vere viktig, men nokre svar kombinerer dette med oppleveling og følelser: «Folk MÅ få positive opplevelser med de norske rasene. Vi må få vekk «traurig og sta»-stemelet de dessverre ofte har. Godt utdanna hester er nøkkelen, derfor er fokus unghest-kursene gull verdt!», skriv kvinne (36). «Se at fjordhesten følger med den moderne utviklingen, og egner seg til ridegrener som sprang og dressur på høyere nivå. Krever selvsagt godt utdannede hester», fortel kvinne (22). «Fortsette å reklamere og informere om dei ulike rasane og deira brukseigenskapar, bevegelser og lynne!», skriv kvinne (24).

Ein kombinasjon av kunnskap, opplysning og bevisstgjering, prestasjon og stoltheit for rasen, skriv kvinne (46) at er viktig. Fleire nemnar reklame, marknadsføring og stadige oppslag i media. Ein må skrive om rasane på nettet, og i hesteblad. Å få hestane inn i rideskuler og i ridelærarutdanning vert også nemnt av nokre av informantane. Nokre skriv til dels lange svar, og nemnar mykje dei synes det er viktig å ta tak i for at folk skal brenne for dei norske rasane. Her handlar det både om å skape inkluderande og gode miljø, og å gi god informasjon.

Nokon er opptekne av at organisasjonane skal fungere på ulike nivå. Ei av dei som har mange tankar om dette er kvinne (47), som skriv at tiltak og ressursar må spreia ut på organisasjonane og avalarar og brukarar. Ho ynskjer også heilsaklege planar som vert fylgd opp, og seier vidare at: «Aktiviteter og konkurranser må videreutvikles – som Skeid – Ikke alle er interesserte eller opptatte av NRYF-grenene. Aktiviteter må ta utgangspunkt i avlsplanene (allsidige raser, vi avler ikke spranghestar for eksempel). Tilskot og ressursar i form av tilskot til oppdrettarar er også noko ho nemner. Kvinne (52)

på sin side verkar ikkje for å ha like stor tru på signaturaktivitetane, fordi dei «berre favner en gruppe av spesielt interesserte (ala islandshestmiljøet). Vi må i så fall ha en ja-takk-begge-deler-holding», legg ho til.

Eit par av informantane er opptekne av at ein må «forby innavl/linjeavl» (kvinne 33), og at «fakta om problemene med innavl og hvordan vi skal ta vare på hesterasene bør komme ut» (kvinne 48). Det er spennande å sjå kor ulikt folk svarar når det gjeld kva som er viktig, og kor stort spenn det er i svara. Kvinne (29) skriv at ho trur det blir vanskeleg å få fleire til å brenne for dei norske rasane: «Flere og fleire ønsker seg hester som er avlet for dressur og sprang. De norske rasene er og blir i den gamle historien som arbeidshester. Eg tror ikke jeg kommer til å velje en av de norske rasene viss eg kjøper meg en hest igjen». «Vi må finne nøkkelen til korrekt markedsføring. Nyttet ikke å sitte og prate om det i vær og vind – vi må UT og faktisk gjøre noe», skriv kvinne (25).

Det er litt trist å lese enkelte haldningars informantane fortel om blant hestefolk der ute: «»Jeg tror de fleste som ikke har, har hatt eller holdt på med de norske hesterasene, ikke synes det er så viktig å ta vare på dem, rett og slett. Eg har sjølv venninner som sier «la fjordhesten dø ut da vel!», eller «kan man ikke bare lage en ny rase ved å blande inn en annen rase i fjordingen da?» Det er mennesker som har holdt på i 20-30 år med hest. Så jeg tror at mange trenger å se verdien av de norske hesterasene», skriv kvinne (25).

Kvinne (51) er oppteken av eit godt miljø innad i rasen, og at vi skal vere forsiktige med å kritisere kvarandre for ulike særinteresser og liknande: «Meir framsnakking av rasen (= høgare status), + inkluderande miljø. Me bør bli flinkare til å ta vare på den såkalla «grasrota», og dei som berre er litt interesserte. Kanskje me kan vere meir forsiktige med å t.d. kritisere dei med langmana fjordhest, fjordhest med «feil», fjordhest som ikkje er registrert, dei som «berre» har gardhest/hobbyhest osb. og heller ynskja dei velkomne med opne armar – så kjøper dei kanskje fjordhest neste gong og? Trur svinnet på fjordhestfolk er størst blant de mest perifere – her har me ein jobb å gjera».

Når det gjeld svara frå eit par av informantane, har eg kombinert det dei skrev på dette spørsmålet, og det dei skrev om kvifor folk skal velje norsk hest, fordi dei sjølv har knytt det veldig tett saman, slik at det var vanskeleg å dele opp svara. Dette gjaldt først og fremst svar som gjaldt å hugse å misjonere utanfor «eigne rekker», svar som gjekk på å tenke på trendar med kortreist mat, oppleveling og liknande, og svar som gjekk på å dra med barn og unge inn, og la dei få bli kjent med hestane. Eg har lyst til å avslutte denne bolken med enno eit par linjer om nettopp viktigheita av rekruttering: «Å lære gutter og jenter å bli glade i hest frå dei er små er nøkkelen til framtidia, trur eg», skriv kvinne (38). «Trygge hestar, invitere barn og unge til å vere aktive i hestemiljøet tidleg. Støtte og hjelpe til for å sikre at ein ikkje gir opp om det oppstår problem. Den første hesten ein får er ofte avgjeraende:

Eg har sjølv sett at dei som får ein trygg førstegangshest ofte fortsett med hest i mange år, medan dei som er uheldige gir opp, og ser aldri på ein hest meir. Den første hesten er viktig!», fortel kvinne (21).

Før eg avsluttar empiridelen, har eg lyst til å ta med eit svar eg synes er viktig, fordi det gir grunnlag for å tenke nytt. Dette var noko som stod skrive under spørsmålet om utfordingar. Svara her har eg som før nemnt valt å halde unna denne gongen, men akkurat dette eine svaret tek eg med likevel. Ei utfording er: «Nedsnakking om omsetning av føll og unghester (det evinnelige gnålet om å få ferdig utdannede hester ut i markedet, i stedet for å fremme hvor fantastisk flott det er å kunne forme sin egen unghest)», skriv kvinne (46). Eit annleis og spennande perspektiv på noko mange ser på som utfordrande. Kvifor ikkje vinkle dette til noko positivt?

8.0 Drøfting

8.1 Kvifor skal eg ha norsk hest – Og kvifor skal andre ha det?

No vil eg ta føre meg nokre av funna eg gjorde, og prøve å sjå dei i samanheng med teori og bakgrunnsstoff. Eg har også lyst til å seie litt om kva for nokre funn eg synes var dei mest spennande eg fann i undersøkinga mi. Alt i alt tenkjer eg at svara eg fekk i høgste grad har støtta opp om problemstillinga. Det ser heilt tydleg ut for å vere interesse ute blant folk for forteljingar, kultur, historie og opphav, og det verkar også for å vere det «nære» som ligg bak val av hesterase. Vidare ser ein klart at det finst mykje å «ause av» ute blant hestefolk. Mange har tankar om særskilde plassar, episodar eller historier, og eg trur det kan bli enormt spennande viss ein får jobbe vidare med dette seinare.

Ein av dei mest interessante tinga eg fann, og som eg har reflektert mykje over, er mangelen på samsvar mellom kvifor informantane sjølv har skaffa seg hest av norsk rase, eller begynt å interessere seg for den typen hest, og grunngjevingane deira for kva dei meiner skal til for at andre skal kjøpe slike hestar. Ut frå eiga erfaring, og det eg sjølv har sett og opplevd, hadde eg som før nemnt nokre tankar om at det kanskje ikkje var slik som mange undersøkingar og rapportar vil ha det til: at godt trenar individ som presterer godt i sport er «nøkkelen» til å få folk til å velje norske hesterasar. Derimot *meiner* visst mange at det er nøkkelen, og eg trur dette er eit godt døme på det Lønning (2010, 2014) kallar *etablerte sanningar*.

Ut frå funna eg gjorde i denne spørjerunden, viser det seg at fleire av informantane skriv at det er å vise fram hestar i sprang, dressur og liknande, samt å legge vekt på at eksemplara som synast fram er fint stelte og i god form, som er viktig for å få folk til å kjøpe seg norsk hest. Derimot er det få som fortel at dette var grunnen til at *dei sjølv* enda opp med rasen «sin». I spørjeundersøkinga mi fekk eg svar frå 28 personar. Tidlegare i vår gjorde eg som nemnt før ei «miniundersøking», der eg berre spurde kva som gjorde at folk valde fjordhest, døl, nordlands/lynghest eller kaldblodstråvar. Her

fekk eg rundt 60 svar, og desse støttar opp om dei svara eg fekk inn no. I den vesle undersøkinga spurde eg ikkje kva personane trudde måtte til for at andre skulle velje deira rase, men dette er som nemnt greia ut ganske godt tidlegare, gjennom andre undersøkingar. Viss eg skal gå vidare med dette materialet seinare, tenker eg at det kan vere fornuftig å sjå meir på nære tilknytingar og relasjonar. Dette med kjensler er tydelegvis ein viktig grunn for val av norsk hest, og i tillegg til forteljingane, som i seg sjølv skapar nærleik, og er opplevingar, tenkjer eg at også oppleving gjennom heile sanseapparatet, samt tryggleik i det nære, er noko det går an å fokusere meir på.

Eg synes «motsetnaden» mellom eige val av hest, og kvifor andre bør velje norsk rase, er svært interessant. Dette er eit funn som bør få merksemeld i marknadsføringsarbeidet. «Folk flest» ser faktisk ikkje ut til å velje norsk hest fordi den er godt skulert og har eit sportsprega eksteriør, men av heilt andre årsaker. Å satse på sportshest for å rekruttere nye entusiastar, er truleg nokså feilslegen marknadsføring. Mange i miljøa rundt norsk hest tenkjer at det er det som må til, men så viser det seg altså at svært få har kjøpt desse rasane grunna dette. Derimot har dei kjøpt eller vald norsk rase på grunn av lynne, allsidigkeit, kultur, arv, eller at det var den rasen det var naturleg å ha i deira heimemiljø.

I høve teorien, så tenkjer eg at dette passar godt inn under det eg har funne ut om opplevingsøkonomi og merkevarebygging. Produktkvalitet er ikkje nok, hevda Iversen, Stølen og Hem (2007), og dette ser ein eit greitt døme på her. Menneska trur god kvalitet på produkta er nok, men det er berre ein etablert sanning, og ikkje noko som held vatn i våre dagar. Folk har teke steget skyhøgt opp på behovspyramida, og har heilt andre forventningar til produkt og tenester no enn for berre 20-30 år sidan. Det tyder ikkje at alt skal vere flott og perfekt, men heller at det er andre ting som betyr mykje meir enn noko som berre står eller ligg rett framfor dei og berre «er». Produktet må by på ei historie, ei forteljing, ei oppleving eller noko anna *spesielt*. Det må skilje seg ut, men ikkje ved å vere dyrare, lekrare og «betre», men derimot ved å tre fram som autentisk og ekte.

8.2 Oppleving og historie – Ulike tankar i ulike miljø?

Fleire av informantane fortel engasjert om at dei er opptekne av historia og kulturen kring hestane. Etter å ha lese svara, tenkjer eg at det verkar som om dei som driv med n/l-hest kanskje er dei mest bevisste når det gjeld dette, noko eg også tenkte etter «mini-undersøkinga» eg gjorde tidlegare i vår. Sjølvsagt kan det vere tilfeldig, men etter å ha fylgd med i miljøa kring spesielt fjordhest og n/l-hest dei seinare åra, trur eg det kan vere ein skilnad her.

Innan n/l-hest-miljøet verkar det som om svært mange menneske er interesserte i hesten sitt opphav. Diskusjonar går stadig heftig omkring namnevalet, og rundt innføringa av den finske hingsten «Viri» for 35 år sidan. Dei som avlar er ofte svært opptekne av stammer, og historia til

hesterasen vert stadig gjenstand for drøfting. Fleire av informantane skriv at tilknytinga til det nord-norske var viktig for val av n/l-hest. Historia og opplevinga ved å eige ein hest med ein stadeigen kultur vert ein måte å bygge identitet på, og opphav speler her tydelegvis ei viktig rolle, slik Iversen, Stølen og Hem (2007) er inne på.

Innanfor fjordhestmiljøet har diskusjonane oftare gått på om ein skal tilpasse hesten meir til sport, og legge vekt på å avle ein hest som passar til moderne bruksområde som dressur og sprangridning, i staden for å halde på den «gamle typen». Det kan sjå ut for at den typen drøftingar som pregar kvar einskild rase, også kan lesast ut frå dei svara eg har fått. Etter å ha lese svarskjemaet fekk inn på denne undersøkinga, kan det sjå ut for at flesteparten av dei som er opptekne av hest til konkurransebruk, er relativt unge fjordhesteigarar. Sjølv sagt ikkje utan unntak, men det ser ut for å vere ein liten tendens. Derimot har storparten som nemnt ikkje svara at det er slike eigenskapar som har fått *dei sjølv* til å velje fjording, og når dei vert spurta om kva som skal til for at andre skal «brenne» for rasen, er det fleire som svarar annleis. Som nemnt kan det vere at vi her har med ein av Lønning (2010) sine «etablerte sanningar» å gjere. Har det vore så mykje snakk om sporthest, opptrening og konkurransebruk at mange menneske trur dette er det aller beste ein kan gjere for å få opp populariteten?

Kanskje må vi vekk frå den tradisjonelle tankegongen, og over i den «laterale tenkinga» til de Bono (1970), der vi ser ting på nye måtar, og greier å legge det gamle litt til sides? I fleire av svara frå informantane ser eg spirer til kreative og nyskapande tankar. Inkluderande miljø med stor takhøgd, få hesten inn på fleire arenaer der vi møter barn og unge, kople hesten i hop med vaksne som skal realisere seg sjølv, eller dei som vil vekk frå byen og oppleve det rolege livet på landet med kortreiste produkt, er berre nokre av ideane som vert nemnt. I alle desse samanhengane er *opplevinga* sentral. Pedersen (2012) definerte oppleving som ei hending av minneverdig karakter, der menneskeleg deltaking og engasjement er viktig. Det er nettopp dette vi snakkar om her. Viss ein i tillegg greier å bruke historiene og forteljingane om hesten som del av opplevinga, har vi gjerne sjans til å lukkast.

8.3 Å skape kjensler og identitet gjennom historie, forteljing og oppleving

Både Pedersen (2012), Iversen og Hem (2007) og Fjelldal-Soelberg og Lindberg (2012) poengterte viktigheita av at dagens menneske ynskjer meir enn eit godt produkt og tilfredsstillande service. Etter det eg kan lese ut av svara frå mine informantar, ser det ut for å finnes mykje engasjement ute i heste-Norge, som i høgste grad kan nyttast for å skape band og koplingar mellom lokal kultur, tradisjonar og forteljing, og det å møte og bli glad i hesten. Vi høyrer dølahesteingaren fortelje om dei årlege turane til Røros, som så mange drøymer om å vere med på. Kvifor drøymer dei om det? Hadde det vore like spennande med ein tur ein tilfeldig plass, utan nokon spesiell ide om kvifor ein skulle reise dit? Eg trur ikkje det. Nettopp det å vite at dette er ein tur lasskøyrarar har teke før, i tidlegare

tider, den gong hesten var ei heilt naudsynt del av dagleglivet, er viktig. Tradisjon og kultur: Ulveskinnspels og gamle bjøller, innkøyringa på Malmlassen i den ærverdige Bergstaden Alt dette er med på å gjere reisa til ein genuin og spesiell oppleving, eit minne for livet.

På same måte valfartar danskar, svenskar, ja endatil amerikanarar, til Nordfjordeid når det er hingsteutstilling. Det er ikkje berre for å sjå hestane, for fjordhest har dei heime også. Dei kjem for å oppleve stemninga, og det historiske suset. Det er noko eige å vite at «no er eg her». Ei av informantane seier at ho trur filmen «Lykken er en lyngshest» har vore viktig for å skape engasjement rundt n/l-rasen. Filmen er eit godt døme på interpretasjon (Høyvik, 2002). Den er ikkje ein rein dokumentarfilm, der tørre fakta vert presentert, men ei historie sett saman av fleire små historier, som verkeleg skapar ein glød og ein iver for å ta vare på hesten. Den held på å døy ut, kan ein gjere noko? spør folk seg sjølv.

Det er interessant å ha med seg at den rasen som har hatt oppgang når det gjeld bedekkingar det siste året, er n/l-hesten. Det er sjølvsagt uråd å vite om engasjementet og interessa for historie, kultur og bakgrunn har nokon samanheng med dette, men eg tenkjer at det *kan* ha det. Det å ha ein solid plattform å stå på, gjer at menneska rundt n/l-hesten er stolte av rasen sin, slik den er. Bevisstheita om rasen sitt opphav gjer at ein blir oppteken av å ta vare på den. Dei spennande forteljingane om stamhestar og folk som var viktige i utviklinga av rasen, vert stadig fortalt og «brukt».

Interessa for bevaring har også gripe så vidt om kring seg at det no har blitt langt større takhøgd for å få kåra hingstar innan n/l-hest. Dette er positivt både for genmangfaldet, og for talet på hestar av rasen. I tillegg fører denne opninga til at det vert lettare å møte på utstilling, og miljøet vil inkludere fleire. Inkluderande, opne og gode miljø rundt rasane kan berre byggast dersom ein har respekt for kvarandre og ulike synspunkt. Ein allsidig rase vil seie ein rase som kan nyttast til alt, og det må vere like stor plass i miljøet for «plenklipparen» eller «kosehesten», som for spranghesten, skogshesten eller tråvaren, slik ein av informantane også var inne på i tydlege ordelag. Nettopp *allsidigheita* har jo prega både nordmannen og den norske hesten gjennom all tid, og er ein del av identiteten vår.

8.4 Som du spør, får du svar

Eit interessant funn, synes eg, var det at *måten ein spør på* har utruleg mykje å seie for *kva type* svar ein får. Når eg spurde informantane kva som gjorde at dei sjølv hadde valt norsk rase, tenkjer eg at dei svara «rett frå levra». Dei fleste svara handla om oppvekst med rasen, eller at det var *den* hesten dei møtte. Her tenkjer eg at tilknytinga til bygda, historia, forteljingane og kulturen skin igjennom, sjølv om den ikkje visar direkte. Det er ein ÅRSAK til at akkurat den hesterasen finst i desse personane sitt nærmiljø eller omgangskrins, og den årsaka handlar først og fremst om historia og den

lokale tilknytinga. Denne rasen har betydd mykje for nokon her før. Korleis kan ein greie å få den til å bety mykje også i framtida? Korleis kan vi sikre at barn, unge og vaksne faktisk møter og blir kjend med denne rasen? Slik eg tolkar svara er dette nemleg ein heilt avgjerande faktor for å velje ein av dei norske rasane: Det er den hesten dei treff på, og som dei dermed opplever som ein del av sin identitet. Dette handlar først og fremst om kjensler. Det du er glad i, vil du også ta vare på. Det ser ut for at dei aller færreste (i alle fall i denne undersøkinga) blir engasjert i dei norske hestane fordi dei skal ha seg hest til sportsbruk. Dei tilfeldige «møta», fordi dyra faktisk ER tilgjengelege, er det viktigaste.

På dei to spørsmåla om kva informantane trudde skulle til for at andre ville velje norsk, og kva dei tenkte skulle til for å få fleire menneske engasjerte og å brenne for rasane, fekk eg til dels nokså ulike svar. Dette er interessant, fordi spørsmåla i seg sjølv kan synest nokså like. Det er derimot ein vesentleg skilnad mellom dei. Det første er eit langt meir logisk, rasjonelt, teoretisk og «fakta-basert» spørsmål, medan det andre appellerer til noko djupare. Her tenkjer eg at det Høyvik (2002) skriv om interpretasjon, er lett å sjå att. Interpretasjon handlar om å formidle, ikkje som rein opplæring og informasjon, men for å kveike ei interesse, eit engasjement og ein vilje til å ta vare på noko. Ein må levandegjere fakta, og knyte forteljingane til noko personane kjenner frå før, skriv Høyvik (2002).

8.5 Å skape engasjement

Stugu (2008) hevda at medvit om felles historie kan skape større kollektiv entusiasme, og at det er lettare å få folk engasjert i forteljing enn i fagtekst. Er det dette felles medvitet ein ser spor av innan miljøet kring n/l-hest? Som før nemnt verkar det for å vere større generell interesse for historie innan dette miljøet enn innafor dei andre miljøa kring norske rasar. Dette verkar i sin tur for å ha ført til ein sterkare felles identitet, og ein større stoltheit. Forteljingar som dei vi finn i filmen om lynghesten er viktige. Dei gir menneska rundt hestane noko felles å kjempe for.

Nokre av informantane trekk fram at det å få hesten ut til barn og unge er viktig. Ei av dei fortalte til og med at den norske hesten og historia rundt den burde vere pensum i skulen. I fylgje Bøe (2006) er lokalhistorie av stor interesse blant barn i grunnskulen, så kvifor ikkje bruke dette for alt det er verd? Når det gjeld norsk hest er det stadig snakk om at myndighetene må på banen med tilskot og støtte til bevaring. Også her kan ein prøve å tenke i andre baner. Kva med å få norske husdyrrasar inn i læreplanane? Viss barn og unge får møte norsk hest i ung alder, og får høyre om tradisjonane og historiene rundt dei ved hjelp av gode formidlingsmetodar (interpretasjon), vil dei ikkje då bli opptekne av desse dyra? Det vi aldri møter, og ikkje har noko forhold til, vil vi heller ikkje ha nokon interesse for å ta vare på. Både Høyvik (2002) og Holm (2004) peikar på kor stor effekt forteljing har overfor barn og unge. Dette må vi vere merksame på, og bruke i marknadsføringsarbeidet.

8.6 Dei «små» forteljingane

Eg synes det var utruleg spennande å lese kva informantane tenkjer om marknadsføring ved hjelp av historie og forteljing, og kva slags historier dei sjølv har «å by på». Ein del av personane trur ikkje dei veit om noko spesielt, eller tenker at historiene dei har er for «små», og dermed uviktige. Det er ikkje sikkert dei er interessante for andre, er det nokon som skriv. Verda er full av forteljingar og historier, og som Breidlid og Nicolaisen (2011) skriv, så er dei særskilt viktige for oppfatninga av identiteten vår. Vi tolkar kvar einaste oppleving ut i frå den kunnskapen og dei erfaringane vi alt har gjort oss. Alt blir sett i ein samanheng, og dannar vår eiga livsforteljing. Dei aller fleste av oss synes historier er spennande, og lyttar og hugsar viss dei vert fortalt på ein god måte. Dei historiene som er lettast å hugse, og får størst betydning, er oftast dei som kan knytast til noko vi kjenner frå før av, noko vi kan «henge på ein knagg». Truleg er det dette som gjer at jo meir ein får vite om eit emne, jo meir spennande er det å lære enda meir om det.

Viss vi skal marknadsføre den norske hesten ved hjelp av historier, er det viktig å vere klar over at ingen forteljing er for liten. Når eg sit her og skriv dette, spør eg meg sjølv: Kva hugsar eg no i hovudet mitt av den empirien eg har greia ut om lenger opp i dette dokumentet? Det er ikkje vanskeleg å svare på det spørsmålet. Det eg hugsar aller best er truleg dei historiene informantane tenke var små og ubetydelege: Hingsten som la frambeina om halsen på oppdrettaren og gav han ein klem, samt bunadsmönsteret på hesteteppet! Turen til Røros sit også godt i, samt historia om hesten som leverte mjølk på eiga hand. Forteljingar gjer noko med oss, dei rører ved oss, og eg vil truleg hugse desse historiene resten av mitt liv no! Men eg kjem også i hug ho som skreiv at ho ikkje trudde det fanst hestehistorier frå heimplassen hennar, fordi ho budde i ein by.

Byar har også forteljingar om hest, men ein må kanskje leite litt meir etter dei i våre dagar. Sjølv er eg oppvachsen i Oslo, men naboen vår hadde eit hus på eigedomen sin som vi kalla for «stallen». Bestefaren min hugsa nemleg at det budde ein hest der, ein kvit ein som heitte Lilly. Eg minnast enno kor sterkt eg undra meg på om det kunne finnast noko etter denne Lilly i «stallen». Kanskje noko seletøy, eller ein hesteskø? Ein gong gjekk eg og spurde naboen, men det var ingen ting der. Like ved skulen der eg gjekk, var det ein gard med våningshus og fjøs, som no for lengst var bygd inne mellom villaene. Men då foreldra mine var små budde det både kyr og hest der, og mamma var ofte innom der og stelte med dyra. Det var døl der, og ein tid var det fjording, fortalte mamma, som brukte å vere i fjøsen i lag med tre andre jenter. To av dei heldt fram med hest då dei vart vaksne, og for den eine av dei var det berre fjording. Foreldra mine hugsar også at det var arbeidshestar i Oslo. Byane har sine forteljingar dei også, men kan hende må ein gå litt på skattejakt for å finne dei?

8.7 Nyskaping

Informantane hadde mange interessante tankar om nyskapande aktivitet, og eg synes ein god del av dei formidla ein veldig aktiv og positiv haldning, der dei la stor vekt på kva som skal til, kva dei kan gjere, og kva dei gjer no. Litt av føremålet med spørjeundersøkinga var også å prøve å skape bevisstheit. Ikkje berre den kollektive bevisstheita eg forhåpentlegvis kan få fram med at folk får lese denne oppgåva, men også den bevisstheita kvar einskild informant kanskje fekk ved å fylle ut spørjeskjemaet. Ved å måtte setje ord på tankar, set ein samtidig i gong spennande prosessar.

Det finnes alltid potensiale for nye perspektiv, og det ferdig skapte gir ingen grobotn for utvikling og nyskaping, hevda Nietzsche (ref. i Lønning, 2010). Som eg nemnde heilt til sist i empirikapittelet, synes eg det verka som ein fornuftig og nyskapande tanke å ha fokus på kor kjekt det er å oppdra sitt eige føl eller unghest, framfor å klage over at det er vanskeleg å få selv desse, og at det må meir utdanna hest ut i marknaden.

Ei av informantane skreiv at ho var meir oppteken av at vi sjølv skulle skape historier, enn å fortelje gamle. Ei anna sa at ho hadde fått nok av hest og bunad. Ei tenkte at Skeid og signaturaktivitetar var bra, ei anna skreiv at ho ikkje visste om det var så lurt med slike eigne konkuransar, og at det i så fall måtte vere begge delar. Kan slike påstandar som desse gi grunnlag for nyskapande tenking? Eg trur absolutt det, berre ein greier å snu litt på ting, og spørje på ein annan måte. Kva meiner folk eigentleg med det dei tenkjer? Å skape historie sjølv er kjempeviktig, det gjer kvar og ein av oss, kvar einaste dag. Meininga med å bruke historie og kultur i formidlingsarbeidet er ikkje å grave seg ned i åkeren med busserullen og sixpencen og late som ein lever i ein annan tid. Poenget er at det vi veit om fortida kan brukast til å skape ein spennande notid og framtid. Som menneske i vår tid må vi gjere ting på vår måte, men vi må ikkje gløyme kven vi er, og kven vi har vore.

Kva med bunaden? Kanskje er det mogleg å finne ein kreativ og nyskapande vri der også? Det gjer det heilt sikkert. Det er nettopp der menneska våger å gjere noko heilt nytt og uventa, at ting kan skje! Folk rister ofte på hovudet av nye tankar, nettopp fordi dei ofte verkar heilt sprø. Men er det ikkje nettopp dei som av samtidia vart sett på som litt «gale» som verkeleg vert hugsa av ettertida for det dei tenkte, fann opp eller gjorde? Vi må ta sjansen på noko nytt. Vi skal ha med oss fortida, og det er viktig å kjenne den. Samtidig må vi skape vårt, og gjere det som verkar fornuftig i dag. Eller, forresten: Ikkje det som er fornuftig, men det vi har lyst til! Det som gir oss glede, det som spelar på alle dei gode kjenslene våre, og gir oss ei kjensle av identitet, tilhøyrslle og LUKKE.

8.8 Vegen vidare

Slik eg har tolka dei funna eg gjorde, er det grunn til å arbeide vidare med denne måten å skape engasjement for norsk hest på. Sidan menneska i dag er opptekne av oppleving, identitet, det ekte og

autentiske, opphav og tilhørsle, er formidling gjennom interpretasjon ein glimrande metode å skape engasjement og interesse på. Ein speler på dei djupe kjenslene, og gir folk motivasjon og lyst til å eige ein slik hest, framfor ein «identitetslaus» ponni eller hest frå eit eller anna utland.

Denne undersøkinga kan på mange måtar kallast eit fyrste steg i ei retning, og eg håpar eg får høve til å fylgje sporet vidare. Eg har sett at teoriar om kva som er verdifullt for folk i dag, kan nyttast til å støtte oppunder ein slik måte å marknadsføre norsk hest på. Eit langt viktigare funn er likevel at det finst engasjement blant hesteeigarar for denne måten å gjere ting på, samt at det ikkje er noko i mi undersøking som tilseier at den etablerte sanninga om «den ferdigutdanna sportshesten» er noko som gjer AT folk vel norsk, enten som eigen hest eller som ein rase å vere oppteken av.

I neste omgang tenkjer eg at det kunne vore interessant å kalla inn til idedugnad eller ideverkstad, der ein saman kan prøve å finne ut kva slags identitetsskapande forteljingar og historier som eksisterer i bygda der ein bur, eller rundt rasen ein har/er engasjert i. Ein må våge å stille nye og andre typar spørsmål, for å få folk til å sjå nye perspektiv, og for å tenke annleis. Å spørje kva som skal til for at folk skal velje norsk hest, er i sanning eit både utbrukt og därleg spørsmål, der ein må rekne med mange etablerte sanningar til svar. Om ein derimot spør kva som gjorde at «eg» eller «du» valde norsk, får ein nytenking. Kan ein greie å få fleire til å tenke ut frå seg sjølv, så er ein godt på veg. Vidare kan det sjølvsagt vere interessant å setje i gong med noko konkret. Det treng ikkje vere mykje, truleg har kvart einaste hestemenneske «noko» (historier, bilete, film, forteljingar, utstyr, reiskap, gjenstandar, bygg, plassar, minne om personar eller hestar, eller liknande) på sin gard, i sin bygd eller i sitt lokalmiljø, som han eller ho kan bruke i marknadsføringa av den norske hesten. Det gjeld berre å sjå det!

9.0 Konklusjon

I oppgåva mi har eg sett på om det kan ha noko føre seg å tenkje nytt i marknadsføringsarbeidet kring dei norske hesterasane, ved å aktivt ta i bruk historie, forteljing og kultur. Menneska i dag er opptekne av å utvikle sin eigen identitet, og av å kjenne tilhørsle. Stort sett alle norske bygder og lokalsamfunn har forteljingar knytt til hest, sidan hesten var ein viktig og naudsynt del av samfunnet vårt fram til for få tiår sidan. Før om kring 1970 var dei aller fleste hestar av norsk rase, med unntak av ein del varmblodige travhestar, fullblods galopphestar, nokre ridehestar for dei med god økonomi, og nokre få islandshestar og shetlandsponniar. Dei fleste av historiene og forteljingane frå den tida hesten var i bruk, handlar difor om norske rasar.

Menneska i dag ynskjer opplevelingar, og desse skal vere spesielle, unike og ekte. Gode produkt og god service er ikkje nok. For å skape engasjement og å få menneska til å ville ha noko, må ein selje eller formidle noko «ekstra», noko som appellerer til kjensler og sansar, noko som skapar ein lyst til å

verne og ta vare på. I denne verda, i «opplevelingsøkonomien», kan dei norske hesterasane ha store fortrinn framfor andre hestar. Ein treng ikkje gjere dei norske rasane til noko dei ikkje er, for dei er alt så mykje! Ein fjordhest, ein nordlands/lyngshest, ein døl eller ein kaldblodstråvar kan ein «selje» i lag med tusen små og store forteljingar frå gardar, bygder og plassar rundt om i landet vårt.

Det er kjekt for barn og unge å halde på med hest. Vi må syte for at det er så mange norske hestar i marknaden at det er desse dei treff når dei møter ein hest! Vidare lyt vi fortelje dei noko, som set kjenslene i sving. Det er ikkje alltid dei same forteljingane treff alle, vi er ulike som menneske. Nokre av oss synes det er spennande med historier om avlsmerrrar, utstillingar og stolte hingstar, og spesielt viss desse kan koplast til «vår» heimplass, «min» oldefar, «hesten eg har no», eller liknande. Andre likar historier frå daglelivet, om kvardag og arbeid, eller dei kanskje litt humoristiske og artige episodane. Uansett kva ein likar best, ser det ut for å vere ein nokså utbreitt tankegong blant informantane om at historie er spennande, og at dei trur forteljing kan brukast i marknadsføring.

Viss det er mange hestar rundt om, tenner vi også mange brannar i nye entusiastar sine auge og sjeler, for då treff dei hesten! Og det er det som må til, er det ikkje? Det var difor svært mange av informantane som skreiv til meg valde norsk, og det var difor eg valde det sjølv. Møtet med varm pels, milde auge, raske hovar og god lukt gjorde meg hekta på fjordhest. Eg visste at det var ein fjordhest eg sat på, og eg fann historier om han i bøker og blad. Eg gråt for «Vesleblakken» i songen, song «Fola Blakken», og hadde plakatar av fjordhestar på rommet mitt. Nokre av fjordingane eg møtte var både sære og snåle, men dei var FJORDHESTAR, og det var nok! Å la nye menneske møte dei norske rasane, gjer at vi får fleire entusiastar. Desse må takast vare på, og i neste omgang er det dei som rekrutterer nye....

10.0 Litteraturliste

Almås, R. (1995) *Bygdeutvikling*. Oslo: Det Norske Samlaget

Amdam, R. (2011) *Planlegging og prosessleiring – Korleis lykkast i utviklingsarbeid*. Oslo: Det Norske Samlaget

Bakken, A. M., Hegdal, J. & Sunde, H. (1998) *Fjordhesten – Menneskevennen*. Det Norske Samlaget

Baardseth, K. (1973) *Hesten i Østfold*. Østfold Hesteavlslag

Boysen, T. (1996) *Nordlandshesten*. Stavanger: Stabenfeldt AS

Breidlid, H. & Nicolaisen, T. (2011) *I begynnelsen var fortellingen*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Bøe, J. B. (2006) *Å lese fortiden – Historiebruk og historiedidaktikk*. Kristiansand S: Høyskoleforlaget AS

Dahle, H. K. (2006) *Fjordhesten i Noreg*. Oslo: Landbruksforlaget , Tun Forlag AS

Dalland, O. (2007) *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

De Bono, E. (1970) *Lateral Thinking – Creativity Step by Step*. Harper & Row, Publishers

Denscombe, M. (1998) *Forskningshandboken – för småskaliga forskningsprojekt inom samhällsvetenskaperna*. Lund: Studentlitteratur AB

Fjelldal-Soelberg, F. & Lindberg, F. (2012) Entreprenøriell markedsføring: Markedsføringsprosessen i nyetablerte bedrifter. I: Jenssen, Kolvereid & Erikson (red.) *Perspektiver på entreprenørskap*, s. 185-215. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget

Fridrichsen, A. (1961) Dølehesten. I: Gjestvang, Fridrichsen, Kristiansen & Aamot (red.) *Boken om hesten*. Oslo: Vårt Forlag AS

Grude, T. & Ravndal, S. (1999) *Jæren Hesteavslag 75 år 1924-1999*.

Grønmo, S (1996) Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnæringer i samfunsforskningen. I: Holter & Kalleberg (red.) *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, s. 73-108. Oslo: Universitetsforlaget

Grøvdal, O. m.fl. (2003) *Rasehåndbok for nordlandshest/lynghest*. Landslaget for nordlandshest/lynghest

Hind, Aanensen & Jørgensen (2013) *Hest i opplevelsesbasert reiseliv*. Bioforsk Report Vol. 8 Nr 174 2013

Holm, E. (2004) *På bjørnens rygg – Forretningskvinnen som historieforteller*. Elixir Publishing

Hommedal, S. & Melve, L. (1979) Hingstar som har vore i bruk på Voss. I: Dagestad (red.) *Hestar og Hestekarar på Voss*, s. 115-128. Voss Tråvlag

Høyvik, E. G. (2002) *På skattejakt i bygde-Norge. Masteroppgåve i samfunnsplanlegging*. Volda: Høgskulen i Volda

Iversen, N. M. & Hem, L. E. (2007) Stedsmerker som kjelde til merkeverdi. I: Rusten, Iversen & Hem (red.) *Våronn med nye muligheter – Ressurs- og opplevelsесbasert verdiskaping på vestlandsbygdene*, s. 65-102. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Iversen, N. M., Stølen, I. & Hem, L. E. (2007) Måling av Vestlandets identitet og image. I: Rusten, Iversen & Hem (red.) *Våronn med nye muligheter – Ressurs- og opplevelsесbasert verdiskaping på vestlandsbygdene*, s. 103-122. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Karstad, O. (1949) *Fjordhesten*. Bergen: Varde Forlag

Kvale, S. & Brinkman, S. (2009) *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Langballe, M. T. (1910) Indledning. I: *Stambok over Vestlandshester, bind 1, 1. utgave*, s. 1-27.
Kristiania: I kommisjon hos Grøndahl og Søn

Larsen, A. K. (2007) *En enklere metode – Veiledning i samfunnsvitenskaplig forskningsmetode*. Bergen:
Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Lefdal, O. (1986) *Mitt liv med fjordhesten*. Otta: Engers Boktrykkeri AS

Lyssand, H. (1952) Fjordhesten – Frå dei eldste tider og fram til det tjugande hundreåret. I: *Hordaland Landbruksmuseum, Årbok 1951-1952*, s. 61-146. Bergen: L. L. Boktrykk

Lønning, D. J. (2010) *Kva er nyskaping? Om fridom, skaparglede, framtid og fellesskap*. Ål: Bokmia
Forlag

Lønning, D. J. (2011) *Den skapande forskaren – Teoretiske, metodiske og strategiske fundament for ei utviklingsretta forskarrolle*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag

Lønning, D. J. (2013) *Liv i fjøsan – Forfall, forandring og fornyelse*. Oslo: Forlaget Press

Lønning, D. J. (2014) *Dialogbasert utvikling*. Jæren Forlag AS

Mehl, L. (1996) *Kvinnheradhesten*. Rosendal: Eige Forlag

Mork, A. (1949) Hestedriftar og driftekarar. I: *Festskrift til Elias Faleide*, s. 64-67. Nordfjord
Hestealslag.

Nilssen, V. (2012) *Analyse i kvalitative studier – Den skrivende forskeren*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Nordang, J. (1955) *Hesteallet på Vestlandet i nyare tid*. Jens Nordangs Minnefond

Norsk Hestesenter (2012) *Handlingsplan for nasjonale hesteraser 2011-2020*. Norsk Hestesenter

Olsen, H. F. (2015) Kven får det ikke til? I: *Nasjonen*, 15. mai 2015, s. 34

Pedersen, A. J. (2012) *Opplevelsesøkonomi – Kunsten å designe opplevelser*. Cappelen Damm AS

Petersen, S. (1902) Historisk indledning. I: *Stambog af Heste av Gudbrandsdalsk rase, første bind*, s. 11-101. Kristiania: I kommisjon hos Grøndahl & Søn

Postholm, M. B. (2010) *Kvalitativ metode – En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Stang, S. (1990) Kaldt skal det være. I: Buer, Kristiansen & Stang (red.) *Kaldbloodshesten – Fra døl til travær*, s. 8-15. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Stugu, S. (2008) *Historie i bruk*. Oslo: Det Norske Samlaget

Thagaard, T. (2013) *Systematikk og innlevelse – En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Tronstad, H. (1990) En «tung» tid. I: Buer, Kristiansen & Stang (red.) *Kaldbloodshesten – Fra døl til travær*, s. 36-38. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Ussing, A. P. (2000) *Hestens Farver*. Århus: Nucleus

Vatne, E. (2006) *Lynghesten (nordlandshesten) – Historie og kultur i nord*.

Andre kjelder:

Stambøker for dølehesten (østlandshesten) 1902-2003

Stambøker for fjordhesten (Vestlandshesten) 1910-2003



Foto: Åse Mari Haugnes

11.0 Vedlegg - Spørjeskjema

Spørjeundersøking om norske hesterasar

Norske hesterasar = fjordhest, dølahest, nordlandshest/lyngshest og norsk kaldbloodstravar.

Din rase = Den/dei av desse fire rasane du sjølv held på med

Del 1. Om deg:

- A. Alder:
- B. Kjønn:
- C. Har du hest sjølv?
I så fall, kva rase, og kor mange?
- D. Viss du ikkje har eigen hest: Kva for ein av dei norske rasane held du på med/likar du best?

Del 2. Spørsmål:

1. Kva var det som gjorde at du begynte med ein av dei norske hesterasane?
2. Kva brukar du hesten/hestane din(e) til?
3. Tenkjer du at norske hesterasar/din rase har nokon fortrinn framfor andre hestar? I så fall kva?
4. Kva trur du skal til for å få fleire til å velje norske hesterasar/din rase når dei skal kjøpe seg hest?
5. Kva tenkjer du at er dei største utfordringane for norsk hest/din rase i dag?
6. Er du interessert i kulturen og historia som er knytt til norsk hest/din hesterase? (Fortel gjerne litt om kva og kvifor)
7. Tenkjer du at kultur, historie og forteljingar knytt til norske rasar/din rase kan brukast i marknadsføringa? På kva måte?
8. Finst det spesielle plassar, menneske, hendingar, historier, forteljingar el. i di bygd/kommune/lokalsamfunn som kan knytast til norsk hest/din rase og historie/kultur rundt hesten? Fortel litt om det!
9. Kva trur du skal til/kan gjerast for at fleire menneske skal brenne for å ta vare på dei norske hesterasane/din rase?
10. Kva er DITT bidrag for å fremje dei norske hesterasane/din rase?